



Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 Molde

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Volda og Stranda kommunar Reguleringsplanarbeid - fv60 fra Tomasgård til Rørhus bru Oppstart

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Vi har mottatt varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for fylkesveg 60 på strekninga frå Tomasgård i Volda kommune til Rørhus bru i Stranda kommune. Møre og Romsdal fylkeskommune utfører reguleringsplanarbeidet. Føremålet med planen er å skaffe eit formelt grunnlag for å kunne bygge ny trasé for vegstrekninga, og planleggingsarbeidet skal samsvare med vedtekne alternativ 2 i gjeldande kommunedelplan. I tillegg til veglinja skal det regulerast for kryss, avkøyrslar, mellombels riggområde og område for massedeponi og masseuttak.


Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg og KU

Det skal gjerast ei konsekvensutgreiing knytt til tiltaket sin verknad på naturmangfaldet i området. Dalføret var kartlagt med omsyn til naturmangfald i 2021, og vi legg til grunn at denne kartlegginga dannar grunnlaget for konsekvensutgreiinga når det gjeld naturmangfald. Konsekvensutgreiinga må også omhandle verknad for vassdraget og landbruk/jordvern og friluftsliv.

Vi minner om tiltakspyramiden, der prinsippa er å prioritere å *unngå* at tiltak får uheldige verknader. Kan ein ikkje det, må ein finne avbøtande tiltak. Dersom det heller ikkje let seg gjere, kan det vere aktuelt å restaurere eller dyrke opp anna areal. Dette kan vere aktuelt dersom til dømes myr- eller landbruksareal byggast ned. Konsekvensutgreiinga vil gi grunnlag for fastsetjing av avbøtande tiltak som til dømes naturrestaurering dersom ein ikkje kan unngå tap av myrareal knytt til vegutbygginga.

Slike restaurerings- eller nydyrkingstiltak kan vere utanfor planområdet, og dette er noko som i så fall skal fastsetjast i planføresegnene.



Natur- og miljøvern (naturmangfald, landskap, friluftsliv, grønstruktur)

Det er gjort fleire registreringar av myr innanfor traséen, og dette må få stor betydning i detaljplanlegginga. Konsekvensane nedbygging av myr har på klimaet har fått auka merksemd siste åra, og i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023* heiter det at Regjeringa forventar at arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar, inkludert utslepp frå arealbruksendringar, vektleggast. Vi ber om at konsekvensutgreiinga omfattar ein rapport om kva ny vegtrasé vil bety for utslepp av klimagassar.

Planområdet ser ut til å omfatta ein mindre del av eit naturreservat med verneføremål myr – Sætremyrane – som ligg i nedre del av Hornindal, og nær ned mot elva. Planområdet må trekkast vekk frå naturreservatet, jf. naturmangfaldlova § 37 *I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet*. Vi viser også til nml § 49, om utanforliggende verksemd som kan medføre skade inn i eit verneområde. Statsforvaltaren har heimel til å fremje motsegn dersom planen får uheldige konsekvensar for naturreservatet, jf. *Rundskriv T-2/16 om nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis*, 3.6.

Friluftsliv

Planen vil truleg kunne få konsekvensar for friluftslivsinteressene, og dette må også kome fram i konsekvensutgreiinga. Ulike friluftslivsinteressene for alle årstider må synleggjerast, både område og stiar, skiløyper, m.v, samt kva verknader prosjektet vil få på desse. Ein må ikkje øydelegge etablerte ferdsselsårar, men legge til rette for lett tilkomst til etablerte utgangspunkt for turar samt tilstrekkeleg med parkeringsareal.

Vassdrag

Vi minner om at det skal sikrast kantvegetasjon langs vassdrag med års-sikker vassføring, jf. vassressurslova §11. Reguleringsplanen må fastsette tilstrekkeleg breidde på kantsone.

Dersom reguleringsplanen legg opp til inngrep i kantsona, må konsekvensane utgreiast, og det må sikrast at det setjast vilkår om eventuelle avbøtande tiltak for å redusere konsekvensane for vassdraget. Vi viser til NVE for nærare merknader.

Landbruk

Traséen går delvis gjennom eit landbruksområde med dyrka jord. Nasjonale mynde har eit stadig sterkare fokus på jordvern, og det ligg eit stort ansvar på kommunar og fylkeskommunar å i størst mogleg grad unngå nedbygging av dyrka (og dyrkbar) jord. I tillegg til eksisterande føringar frå nasjonalt mynde om å legge vekt på jordvern i all planbehandling, kom det 23. mars 2022 eit brev frå landbruks- og matdepartementet og kommunal- og distriktsdepartementet der dei to statsrådene minner om å ta vare på matjorda. Dei presiserer at bevaring av dyrka mark er ei nasjonal interesse som har med beredskap og mattryggleik å gjere, og at vi må ta vare på jordbruket sine produksjonsressursar over heile landet.

I tillegg til å unngå nedbygging, må ein også legge vekt på arrondering av jordbruksareal når veglinja detaljerast, slik at ein også tek arronderingsmessige omsyn og unngår oppdeling av teigar. Det må også takast omsyn til eventuelle beiteområde langs traséen, slik at landbruksnæringa kan halde fram med å nytte jordressursane også på denne måten.

Dersom det er uråd unngå nedbygging av dyrka jord, må det gjennom planføresegner sikrast etterbruk av matjordlaget til matproduksjon. Matjorda skal ivaretakast og nyttast til nydyrking, og dette må sikrast i føresegnene. Det er nødvendig at det lagast ein plan for gjennomføring, og landbruksansvarleg i kommunen må involverast. Vi viser til rettleiaren *Jordmasser – frå problem til ressurs* frå Norsk landbruksrådgiving og NIBIO, som gir gode råd for korleis slik jordflytting kan gjerast for å gi eit vellukka resultat.

Massehandtering

Statsforvaltaren vil også ha fokus på korleis massar blir handtert i reguleringsplanen. Vegprosjektet genererer store mengder med overskotsmassar. Dersom massane ikkje inneheld miljøgifter er dette ressursar som bør takast vare på slik at dei kan nyttast. Berekraftig masseforvaltning krev god og heilskapleg planlegging. Bruk av massane samt midlertidig lagring bør ikkje kome i konflikt med viktig naturmangfald, vassdrag eller landskapsverdiar.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføre mål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Delar av planområde kan vere utsett for flaum og skred, reell fare bør avklarast og takast omsyn til. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer òg merksam på «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde.

«[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein [retteiar](#) til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar.

Støy

Det er grunn til å forvente at den nye veggen vil gi endra støytilhøve for folk som bur i området og også for friluftslivet. Det må difor lagast ei detaljert støyutgreiing som skal gi tilstrekkeleg kunnskap om støysituasjonen og synleggjere behovet for tiltak mot støy. Støyutgreiinga skal bidra til at det utarbeidast konkrete og hensiktsmessige reguleringsføresegner som er tilpassa planområdet og støysituasjonen, og gi kommunen eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om planen kan bli vedteken.

Målet er å sikre at eksisterande støyfølsam busetnad får støynivå som ikkje er høgare enn grenseverdiane i retningslina T-1442 tabell 2, og tek omsyn til kvalitetskriteriane i kapittel 1.2. Ambisjonen bør vere å sikre tilfredsstillande støyforhold på heile eigedomen og fasaden. Skjerming ved støykjelda bør difor vere eit prioritert avbøtande tiltak. Vi viser elles til retningslina og tilhøyrande retteiar.

Barn og unge

Vi legg til grunn at omsynet til trafikktryggleik for barn og unge blir vektlagt.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader, og ber om at desse blir vektlagd i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Trygve Winter-Hjelm

Kopi til:

STATENS VEGVESEN
Stranda kommune
Volda kommune
Mattilsynet

Postboks 8142 Dep
Øyna 13
Stormyra 2
Postboks 383

0033	OSLO
6200	Stranda
6100	Volda
2381	Brumunddal



Statens vegvesen

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
Postboks 2500

6404 MOLDE

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
22/21995-2

Deres referanse:
2021/24698-
8842/2022

Vår dato:
09.03.2022

Uttale til varsel om oppstart av reguleringsplan for fv.60 Tomasgard – Røyhus bru i Volda og Stranda kommunar

Vi viser til brev datert 31.01.2022.

Saken gjeld

Formålet med planarbeidet er å skaffe det formelle grunnlaget for å bygge en ny trase for fylkesveg 60 i samsvar med alternativ 2 i vedtatt kommunedelplan.

Statens vegvesens rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir teke i vare i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima og miljøomsyn og heilskapleg bypolitikk vert teke i vare i alle planforslag som rører ved samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løysningar for gåande og syklande.

Statens vegvesens innspill til oppstartsvarslet

Statens vegvesen ser positivt på at fylkeskommunen prioritetar planlegging av denne vegstrekninga slik at ein kan bygge ein meir trafiksikker veg og få tilfredsstillande

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

framkomelegheit. Vi føreset at våre normalar vert lagt til grunn for planlegginga, jf. veglova §§ 12 og 13, og at føresegnene og dei føringane som ligg i kommunedelplanen føljes opp.

Løysingar/tilrettelegging for mjuke trafikantar og tilrettelegging for kollektivreisande må vurderast. Trafikktryggleik og universell utforming må takast i vare.

Reguleringsplan for Raudemel industriområde vik i frå kommunedelplanen ved at næringsarealet er konsentrert på ei side av fylkesvegen. Vi ser på dette som ei betre løysing enn den tosidige i kommunedelplanen og tilrår at denne løysinga vidareførast.

Delar av det eksisterande vegnettet må omklassifiserast når ny veg vert opna for trafikk. Dette bør vurderast og omtalast i planomtalen.

Konklusjon

Vi viser til overnemnte innspel og ber om at det vert teke omsyn til i planarbeidet.

Transportforvaltning midt
Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE
STRANDA KOMMUNE, Øyna 13, 6200 STRANDA
VOLDA KOMMUNE, Stormyra 2, 6100 VOLDA



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Vår dato: 29.06.2022

Vår ref.: 202202710-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 2021/24698 - 8842/2022

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE sitt innspel til varsel om oppstart av reguleringsplan for fylkesveg 60 Tomasgard - Røyarhus bru i Volda og Stranda kommunar

Vi viser til brev datert 31.01.2022. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for fylkesveg (fv.) 60 Tomasgard – Røyarhus i Volda og Stranda kommunar.

Føremålet med planarbeidet er å skaffe eit formelt grunnlag for å kunne bygge ny trase for fylkesvegen mellom Tomasgard i Volda kommune og Røyarhus bru i Stranda kommune. Reguleringsplanen skal følgje alternativ 2 i vedteken kommunedelplan. I tillegg til veglinja skal det regulerast for kryss og avkøyrslar, og det vil vere trong for å regulere areal til mellombels riggområde, massedeponi og masseuttak.

Grunna ein feil i arkivrutinane til NVE vart ikkje varselbrevet registrert på sakshandsamar innan innspelsfristen. NVE har avklara med Møre og Romsdal fylkeskommune at vi likevel gir innspel til planarbeidet.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE hadde kommunedelplanen for same vegstrekning til handsaming i 2012, og ga uttale til offentleg ettersyn i brev datert 30.05.2012. NVE støtta Statens vegvesen sitt tilrådde alternativ 2. Vi ga råd om at veglinja bør trekkast lengst mogeleg bort frå vassdrag for å unngå trong for sikring mot erosjon.

NVE har også gitt innspel til varsel om planstart for same vegstrekning i Stranda kommune i brev datert 27.09.2019.



NVE sitt fokus i samband med vegplanlegging

Som mynde etter vassressurslova (vrl.) må NVE vurdere inngrep i vassdrag i høve til føresegnene i lova. Vi legg vekt på å samordne vurderingar etter vrl. med planprosessar etter pbl., slik at de i størst mogeleg grad skal unngå særlovshandsaming av tiltak som er innarbeidd i reguleringsplanar. Vi syner her særleg til vrl. §§ 8 og 20.

Om førebygging av ulukker som følgje av skred, flaum og erosjon legg NVE til grunn at Statens vegvesen sjølv syter for tilstrekkeleg tryggleik mot eigne vegar, t.d. gjennom bruken av akseptkriterium for skred mot veg. I vår medverknad i høve til tryggleik mot skred, flaum og erosjon vil vi fokusere på at veganlegget ikkje må føre til at byggverk, byggegrunn og tilstøytande terreng vert utsett for fare, skade, eller vesentleg ulempe som følgje av tiltaket, jf. byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-1 andre ledd.

Dersom planane omfattar areal til utbyggingsføremål (sideareal) må planen sikre at områda har tryggleik i samsvar med krava i TEK17. I område med ustabile grunnforhold må planen dokumentere at vegbygginga ikkje skal påverke områdestabilitet. Ved kryssing av bekkar og vassdrag må tilstrekkeleg kapasitet på bruer og kulvertar dokumenterast for å hindre vatn på avvegar i flaumsituasjonar.

Vassdragsmiljø

I heile planområdet går planlagt veglinje langs eller kryssar både store og små vassdrag. Vegplanen vil innebere inngrep i vassdrag, og NVE oppmodar på generelt grunnlag om at de i planarbeidet legg vekt på å redusere eller unngå alternativ med inngrep i vassdrag.

For NVE si vurdering av eventuelle inngrep i vassdrag etter vrl. I planhandsaminga, ber vi om at de i planskildringa og konsekvensutgreiinga (KU) er tydeleg og konkret på om, og korleis, planen/alternativet medfører inngrep i vassdrag. De må vurdere kva konsekvensar planen/alternativet får for allmenne interesser i vassdraget. Som døme på allmenne interesser kan vi nemne fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb. Det er og viktig at de får fram mogelege avbøtande tiltak for å redusere negative konsekvensar. Ut frå erfaring vert vurdering av dei allmenne interessene i vassdrag dekkja innanfor vanleg KU metodikk, men ofte framstilt fragmentert og vanskeleg tilgjengeleg.

Massedeponi

I arbeid med planprogram og silingsrapport bør de skildre kva alternativ for deponi av overskotsmasser som er aktuelle. Det må fastsetjast krav om at konsekvensar av deponi skal vurderast både med omsyn til potensielle farar og omsyn til vassdrag og vassdragsmiljø.

Verna vassdrag

Store delar av planområdet ligg innanfor nedslagsfeltet for [Hornindalsvassdraget](#) som er verna mot kraftutbygging gjennom verneplan for vassdrag. Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag skal leggest til grunn i planarbeidet. Retningslinene gjeld hovudely,



sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidd på sidene av desse. Det må leggest opp til ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraget. I planprogrammet bør vurdering av omsyn til vassdragsvern kome fram som ein del av konsekvensutgreiinga.

Vassdrag i plandokumenta

Alle vassdrag bør merkast tydeleg i plankartet. Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. I samsvar med vrl. § 11 bør planen fastsetje krav til kantvegetasjon langs vassdrag. For å gi god oversikt og sikre god styring med vassdrag og vassdragsnære areal rår NVE til at kommunen nyttar arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, jf. pbl. § 11-7 nr.6, til å merke alle vatn, elvar og bekkar.

Flaum, skred og overvatn

Flaumvurderingar

Kryssing av elvar og utfylling i vassdrag/flaumsoner kan medføre auka flaum og erosjonsfare for tilstøytande areal. I elvar kan inngrep i vassdraget/flaumsona stuve opp vatn og/eller endre straumtilhøva og dermed auke flaum- og erosjonsfaren på den måten. Reduksjon av vatn og tjørner sine overflate- og flaumareal reduserer den flaumdempande effekten. Dette kan gi større og raskare flaumtoppar nedstraums. NVE vil vere særleg merksam på slike effektar. Planlegginga må legge til grunn at de ikkje skal påføre andre slike ulemper. Vi syner her til den generelle aktsemdplikta i vrl. § 5 og TEK17 § 7-1 andre ledd. Avbøtande tiltak for å unngå slike konsekvensar kan i verste fall gi store auka kostnader. NVE rår difor til at de på eit tidleg tidspunkt, dvs. før val av trasé, får gjennomført flaumberekningar, kartlegg flaumfare, og synleggjer konsekvensar av inngrep. De vil då og få eit betre bilete av kostnadane ved alternativet. Flaumberekningane bør legge klimaframskrivne data til grunn. For ytterlegare informasjon om konsekvensar av klimaendringane i Møre og Romsdal viser vi til [Klimaprofil Møre og Romsdal](#).

Utbygging kan gi problem med overvatn

Utbygging av naturområde med auka del harde flater kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstraums. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar og må sjåast i samanheng med flaum- og vassføringssituasjonen i bekkar og elver. Vi viser til [NVE 4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#) som gir råd for overvasshandtering.

Skred i bratt terreng

Delar av planområdet ligg i område som er kartlagt for reell skredfare eller i aktsemdsområde for skred, jf. [NVE Atlas](#). Vurdering av skredfare må vere tema i planarbeidet. NVE har utarbeidd rettleiar for [kartlegging av skredfare i bratt terreng](#). NVE har som mål at rettleiaren skal vere eit godt hjelpemiddel for kommunar og tiltakshavarar som skal bestille vurderingar, og gi klarare retningslinjer for krav til innhald i rapportane.



Rettleiaren stiller krav til [kompetanse](#) for dei som skal stå for vurderingane, og at kompetansen må dokumenterast

Energianlegg

66 kV Tomasgard – Bø kryssar planområdet og er ein kraftleidning som er ein del av sentral- og regionalnettet. Desse nettanlegga har konsesjon etter energilova og skal regulerast med omsynssone *Bandlegging etter anna lovverk H740* i plankartet, jf. pbl § 11-8 d.

Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til pbl og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2.

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.



Mottakarar:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Stranda kommune

VOLDA KOMMUNE

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 MOLDE

Dykkar ref: 2021/24698 -
8842/2022
Vår ref: 2022/22701
Dato: 10.02.2022
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



UTTALE TIL VARSEL OM OPPSTART PLANARBEID FOR FV. 60 TOMASGARD - RØYRHUS BRU I VOLDA OG STRANDA KOMMUNAR

Mattilsynet mottok 31. januar 2022 varsel om oppstart av planarbeid for fv. 60 Tomasgard – Røyarhus bru i kommunane Volda og Stranda. Frist for å komme med innspel til varselet er av avsendar sett til 30. mars 2022.

Mattilsynet er statleg sektormynde som skal sikre forbrukarane trygg mat og trygt drikkevatt. I tillegg er fokuset vårt retta mot å fremje plante-, fiske- og dyrehelse, miljøvenleg produksjon og etisk forsvarleg hald av fisk og dyr.

Bakgrunn

Føremålet med planarbeidet er å etablere ny fylkesveg 60 mellom Tomasgard og Røyarhus i Hornindal.

Fakta

Samferdselsutvalet for Møre og Romsdal fylkeskommune vedtok den 3. mars 2021 at reguleringsplanarbeidet for fylkesveg 60 Tomasgard – Røyarhus skal utførast av fylkeskommunen i eigen regi.

Planprosjektet skal skaffe eit formelt grunnlag for å kunne bygge ny trase for fylkesvegen mellom Tomasgard i Volda kommune og Røyarhus bru i Stranda kommune. Ny fv.60 som skal planleggast, samsvarar med det vedtekne alternativ 2 i kommunedelplanen. I tillegg til veglinja skal det regulerast for kryss og avkøyrslar. Det vil også vere behov for å regulere for mellombels riggområde og område for massedeponi og masseuttak.

Våre vurderingar

ROS-analyse

Det er viktig at det vert utarbeida ei fullverdig ROS-analyse. ROS-analysen skal mellom anna vurdere risiko og sårbarheit som kan oppstå ved endra arealbruk i forhold til dagens føresetnader.

Drikkevatt

Mattilsynet informerer om at utbyggjar må kartleggje kvar der kan finnast private drikkevasskjelder og nedbørsfelt/tilsigområde som kan kome i konflikt med utbygginga. Vegutbygging kan verke inn

på vasskvalitet og mengde. Vassverkseigar / eigar av enkeltvassforsyning må ha tilstrekkeleg tilgang til infrastrukturen etter utbygging / omlegging.

Vi viser til «*Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023*». Vassførekomstar som vert nytta til drikkevatn treng å bli verna mot forureining slik at brukarkonfliktar kan unngåast og at innbyggjarane er sikra tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatn.

Sikring av drikkevasskjelder og areal til infrastruktur for vatn og avløp er ein viktig del av kommunale planar. Omsynet til drikkevatn må vere med i vurderinga ved planlegging av eventuelle deponi og andre aktivitetar som følger med tiltaket.

Viser også til Statens vegvesen sin rapport nr. 506 *Vann i tidlig planfase*. For å få til ei heilheitleg handtering av vassforsyning, vassmiljø, avløp og overvatn bør det utarbeidast ein VA-plan tidleg i planfasen for å sikre best moglege løysingar.

For drikkevassinteresser og grunnvatn må ein også vurdere korleis dei framtidige varsla klimaendringar kan gi innverknad.

Vassmiljø

Forureinande avrenning til vassmiljøet i området vil også kunne få direkte eller indirekte konsekvensar for drikkevasskvaliteten, enten som akutt eller akkumulert forureining. Det er derfor viktig å unngå forureinande utslepp til vassdrag. Vi viser til *vannforskriften* § 17.

Dersom det vert aktuelt med fyllingar i og nært elva Horndøla – som for øvrig er definert som reservekjelde for Grodås vassverk - kan vi nemne at det kan oppstå lokale miljøpåverkingar ved bruk av «sprengstein» i vassdrag. Restar av sprengstoff (særleg nitrat og ammonium) kan finnast i sprengsteinen. Avhengig av kva for bergart sprengsteinen som brukast består av, kan ulike tungmetall løysast ut. Dette avheng mellom anna av pH, utfyllingsmengde og vassføring. Auka førekomst av partiklar kan også førekomme. Førebyggjande tiltak her kan vere å vaske steinen først, unngå blaute bergartar og bergartar som gir sur avrenning.

Viltkrysningar

Mattilsynet sine forvaltningsområde omfattar også dyrevelferdsmessige evt. også dyrehelsemessige uheldige konsekvensar som følge av naturinngrep. Det er viktig med ei god handtering av viltkrysningar. Det er viktig at ein kan klare å oppretthalde mest mogeleg eksisterande trekkruiter for vilt for å unngå unødvendige belastningar.

Anna nødvendig sikring må i tillegg vurderast, for eksempel gjerde. Vi viser til Lov om dyrevelferd §§ 1-3. Spesielt § 3. Generelt om behandling av dyr - «....., og beskyttes mot fare for unødige påkjenningar og belastningar».

Plantehelse

Ved eventuell flytting av jord, skal ein vere merksam på at det er ein risiko for spreiding av regulerte planteskadegjerarar og ugras. Tiltakshavar har derfor plikt til å hente inn status når det gjeld førekomstar av eventuelle planteskadegjerarar og ugraset floghavre på dei eigedomane det gjeld, inkludert tiltak for å hindre spreiding til andre eigedomar. Jordmasser som kjem frå urørte utmarksareal har liten risiko for å bere med seg slike skadegjerarar.

Innspel til det vidare planarbeidet

Vi forventar at det vert stilt krav til konsekvensutredning for denne reguleringsplanen, og at det blir gjennomført ROS-analyse for tema drikkevatn / vassforsyningssystem, plantehelse og beiteområde.

Det er viktig at eventuelle konflikter med beiteområde, plantehelse og drikkevassinteresser (privat / offentleg) vert kartlagt tidleg i prosessen. For drikkevassinteresser gjeld dette både kjelder og nedslagsfelt i tillegg til infrastruktur for distribusjon av drikkevatn. Nødvendige avbøtande tiltak må

gjennomførast før vegarbeidet tek til.

Med helsing

Marianne Løseth Høydalsvik

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*



Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 Molde

Vår referanse
22/1546 22/6307

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Børild Skåra

Dato
23.03.2022

Landbruksfagleg fråsegn til varsel om oppstart, regulering Fv 60 Tomasgard - Røyarhus

Det vert vist til varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Fv 60 Tomasgard – Røyarhus dagsett 31.01.22.

Varselet er sendt til Volda kommune. Då landbrukskontoret som er felles for Volda og Ørsta er plassert på rådhuset i Ørsta, vart vi ikkje gjort kjend med det utsende varselet.

Vanleg rutine hjå oss er at slike varsel verte sakshandsama med saksutgreiing og framlegg til vedtak i politisk utval. Fylkeskommunen ville då fått ei politisk fråsegn til varselet.

Då vi vart gjort merksam på varselet medio mars månad og fristen for fråsegn er 31. mars vart ein samd om å skrive ei administrativ fråsegn frå Landbrukskontoret Ørsta Volda.

Då reguleringa gjeld eit viktig landbruksområde er det viktig for oss å få kome med fråsegn. Ved å gi fråsegn allereie ved varsel har vi moglegheit til å kome med innspel som kan inngå i vurderingane og arbeidet som skal gjerast i høve detaljreguleringa.

Hornindal har om lag 60 aktive landbruksføretak der drifta er basert på arealressursane til ein eller fleire landbrukseigedomar. Landbruksnæringa i Hornindal er framoverlent ved at det er føreteke store investeringar for å fornye driftsapparata og ved dyrking av jord. For tida er situasjonen den at ein har underskot på fôr som gjer at ein er avhengig av jordleige og kjøp av grovfôr frå andre nærliggjande bygder.

Etter det ein kan sjå så vil det valte alternativet gå over areal som 11 av føretaka driv (eigd og leigd jord).

Ut frå ei av konsekvensanalysane så vil alternativ 2/2b bygge ned 390 daa og av dette er 80 daa dyrka jord. Det vil seie eit middels stort gardsbruk i området. Ein fann ikkje tal for nedbygging av dyrkbar jord, men etter det ein kan sjå så vil vegen gå gjennom dyrkbar jord i ei lengde på litt over 2 km.

For landbruket og driftsvilkåra i næringa vil vegføringa difor ha stor innverknad. Eit grovt overslag syner at veglina om lag 14 stader vil skjere over dyrka jord og 4 stader gjennom innmarksbeite.

Dersom ein har høve til å gjere små justeringar slik at vegen vert lagt langs kantane eller helst utanfor dyrka jord så er det ønskeleg. Mindre avskorne areal (skalkar) vert vanskelege å drive og vil lett gå ut av bruk. Det gjer at tapet av jord vert større enn det som vert nedbygd. Det er tidleg å kome med konkrete innspel men som døme kan ein peike på strekningane pel

700 – 900, pel 5000 – 5500 og pel 6700 – 7025. Dersom små justeringar her er vegfagleg moglege, så vil det gi store utslag i å vinne jordbruksareal og betre driftsvilkåra.

I detaljplanlegginga vil vi og oppmode om at ein ser på avbøtande tiltak som:

- Sikre at tilgangane til areala
- Undergangar/kulvertar for beitedyr og utstyr
- Bruk av overskotsmassar. Dersom masserekninga syner overskot rår ein til å tilby desse til grunneigarar som vil nydyrke eller planere jord.

Vi har ikkje merknad til planavgrensinga som låg ved varselet.

Vi ønskjer lukke til med planlegginga og vonar på god samhandling med landbruksnæringa og grunneigarane i prosessen vidare.

Med helsing

Børild Skåra
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til
Heidi Istad
Kristin Fostervold
Volda kommune

Stormyra 2

6100

Volda



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 MOLDE

Dato: 29.03.2022
Vår ref: 22/00332-2
Deres ref:

Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid for fv. 60 Tomasgard - Røyhus bru i Volda og Stranda kommunar

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 1. februar 2022.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og skal bidra til størst mulig samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om saka

Føremålet med planprosjektet er å skaffe eit formelt grunnlag for å kunne bygge ny trasé for fylkesvegen mellom Tomasgard i Volda kommune og Røyhus bru i Stranda kommune. Ny fv.60 som skal planleggast, samsvarar med det vedtekne alternativ 2 i kommunedelplanen frå 2012, og er konsekvensutgreia i den samanhengen. Alternativet kom ut med minst negativ konsekvens for både ikkje-prisette og prisette konsekvensar.

I tillegg til veglinja skal det regulerast for kryss og avkøyrslar. Det vil også vere behov for å regulere for mellombels riggområde og område for massedeponi og masseuttak.

Fråsegn frå DMF

Det er i følgje Noregs geologiske undersøking (NGU) registrert fleire grusressursar langs med den planlagde vegtraséen. Innanfor det varsla planområdet ligg Løvold – Tomasgard¹, Tomasgård², Seljeset³, Haugen⁴, Raftevold⁵ og Orremyra⁶

¹ Løvold - Tomasgard:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=51169

² Tomasgård:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=51173



lausmasseområde. Ved Hindgarden⁷ lausmasseområde grensar til den planlagde traséen.

DMF vil anbefale å søkje å nytte grusressursane mest mogeleg før dei eventuelt blir bandlagt av arbeidet med den nye vegen. Det er også ein fordel om grusressursane blir nytta direkte i vegtiltaket.

Dersom planen vil legge opp til ny arealbruk som går ut over avsett areal i kommunedelplanen er det DMF si vurdering at påverknad på førekomstane og framtidig uttak av desse må utgreiast i det vidare planarbeidet.

Massehandtering

Det kjem fram av konsekvensutgreiinga, til kommunedelplanen, punkt 3.9 at det vil vere eit underskot på massar, og behov for minimum 200 000 m³ oppfyllingsmassar og massar må difor hentast frå andre anlegg. I kostnadsberekninga av prosjektet er det sett som ein føresetnad at ein får tilgang på massar frå tunneldriving i byggesteg 3 på vegprosjektet fv. 60 Røyr – Hellesylt. Ein føresetnad for å nytta desse massane er at dei vert lagde i deponi i akseptabel avstand frå planområdet. Mykje er uklårt med omsyn på framtidige prosjekt og kvar det vert tilgjengelege massar i nærleiken av planområdet, og ein har difor ikkje teke omsyn til areal for midlertidig massedeponi i kommunedelplanen og konsekvensutgreiinga. DMF registrerer at det er vedteken to reguleringsplanar for massedeponi etter kommunedelplanen er vedtatt, og at det i samband med dette planarbeidet skal regulerast fleire område for massedeponi.

Det er positivt om ein søker å nytte massar frå andre prosjekt i nærleiken. I EUs Råvareinitiativ (Raw Materials Initiative – RMI) er betre ressursutnytting, bruk av restmaterialar og gjenvinning definert som ein av tre hovudpilarar for ei berekraftig utvikling. Det ligg ein miljøgevinst i å unngå at overskotsmassar frå bygge- og anleggsprosjekt går til unaudsynt deponering der disse kan brukast til samfunnsnyttige føremål. Kort avstand mellom utbyggingsområde og ressursar er viktig sett i eit berekraftsperspektiv, då store delar av utslepp i forbindelse med masseuttak skjer gjennom transport.

Masseuttak

Når gjeldande plan ikkje inneheld område avsett til råstoffutvinning eller område kor det tydeleg går fram at skal nyttast til uttak av massar, må dette takast inn i arbeidet med detaljreguleringa.

³ Seljeset:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=51189

⁴ Haugen:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=51183

⁵ Raftevold:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=51187

⁶ Orremyra:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=51207

⁷ Ved Hingarden:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=51171



Det vert opplyst at det skal regulerast område for masseuttak. Uttak av mineralressursar utgjer i mange tilhøve omfattande inngrep. Regulering bidreg til å sikre openheit, føreseielegheit og medverknad for alle interesser og myndigheiter, der det blir lagt vekt på langsiktige løysningar, og utgreiing av konsekvensar for miljø og samfunn i tråd med formålsføresegna § 1-1 i plan- og bygningslova. Gjennom reguleringa blir det lagt føreseielege rammer for den framtidige råstoffutvinninga. Vår generelle tilråding er difor at denne type tiltak bør ha reguleringsplan og området som det skal tas ut masser frå blir regulert til arealføremålet råstoffutvinning.

Ein mineralressurs er ein ikkje-fornybar naturressurs som berre kan takast ut der den finst naturleg. Det er viktig at ressursane blir utnytta så optimalt som mogleg, det vil si både i volum og kvalitet.

Plandokumenta må innehalde ei skildring av mineralressursene og ei vurdering av om den har dei ønskjelege eigenskapane for den aktuelle bruken av massane. DMF ber om at det utgreiast følgjande i høyring til tiltaket:

- Område for uttak av massar
- Om det er lausmassar (type avsetning) eller fast fjell (kva for bergart) som skal takast ut
- Geologiske strukturar som grad av oppsprekking (strøk/fall av sprekkar i forhold til korleis det er planlagt å drive ut førekomsten) og eventuelle diskontinuitetar (sprekkesonar) i bergarten, der dette er relevant for utforminga av uttaksområdet
- Estimert totalt volum innanfor reguleringsplanen og anteke årleg uttak
- Kvalitet og kvalitetsvariasjonar
- Bruksområde og marknad på kort og lang sikt

Generelt om forholdet mellom minerallova og plan- og bygningslova

Drift, sikring og avslutning av masseuttak blir regulert av minerallova med forskrifter og gjennom eventuelle vilkår sett av DMF. Driftsplan for masseuttaket skal godkjennast av DMF i samband med tildeling av driftskonsesjon. Driftsplanen skal som eit minimum oppfylle krava som følgjer av DMF sin rettleiing for driftsplan, revidert mars 2021. Sjå vår «*Driftsplanveileder – løsmasser*» for meir informasjon: <https://www.dirmin.no/driftsplanveileder>

Tiltakshavar skal i tillegg retta seg etter andre krav, føresegn og retningsliner gitt i medhald av anna lovverk, medrekna føresegner i reguleringsplanen.

Arealavklaringa for masseuttaket blir fastsett i reguleringsplanen, og gjennom reguleringsføresegna kan det blant anna settast ytre grenser for uttaket, tidsavgrensing og etterbruk. Føremålet med reguleringsføresegna bør gå klart fram i planskildringa.

Reguleringsføresegner bør ikkje bli gjeve på ein slik måte at dei bind opp drifta og avslutninga av masseuttaket. Reguleringsføresegner må gjennom ein ny behandling ved behov for endring, eventuelt at tiltakshavar søker om dispensasjon frå føresegn som er i konflikt med driftsplanen. Eit masseuttak har ofte eit livsløp som går over fleire tiår. Ein driftsplan er eit dynamisk verktøy for tiltakshavar, og skal kunne endrast i takt med laupande bergfaglege vurderingar og andre driftsrelaterede forhold. Vesentlege endringar av driftsplanen skal godkjennast av DMF.



Melde- og konsesjonsplikt etter minerallova

For samla uttak over 500 m³ gjeld meldeplikt til DMF, jf. minerallova § 42. Melding skal sendast inn minst 30 dagar før oppstart av drift, og DMF kan krevje at det skal utarbeidast driftsplan for slike uttak.

Samla uttak på meir enn 10 000 m³ masse, samt eitkvart uttak av naturstein krev konsesjon før drift kan starte, jf. minerallova § 43. Søknad skal sendast til DMF, og aktuelle partar og lokale myndigheiter vil bli høyrde før konsesjon eventuelt blir gjeve.

DMF rår til at forholdet til minerallova blir teke inn i reguleringsføresegna, på følgjande eller liknande måte: «Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigheit etter lova.»

Sikring og skjerming

Masseuttak med bratte skrentar kan utgjere ein fare for omgjevnadene. Den som driv masseuttak som blir omfatta av minerallova er ansvarleg for å sikre uttaksområdet. Det er difor viktig at det i reguleringsplanen blir sett av tilstrekkeleg areal for sikringstiltak, og for tilsyn og vedlikehald av desse.

Dersom det er naudsynt må det leggjast opp til skjerming av sjølve uttaksområdet. Ein bør unngå innsyn frå bustader og ferdssårar der dette er mogleg. Ein vegetasjonsskjerm kan bidra til å redusere påverknad frå støy og støv, og i tillegg ha ein estetisk funksjon.

Etterbruk

DMF rår at etterbruk av uttaksområdet blir regulert gjennom føresegn til arealføremålet råstoffutvinning på følgjande, eller tilsvarande måte: «*Etter avslutta uttak og opprydding skal, skal arealet settast i stand til arealbruken (skogbruk). Arealføremålet skal ved avslutta istandsettingsarbeid endrast frå råstoffutvinning til (LNFR – skogbruk).*» (Eksemplar til arealbruk i klammar).

Det er viktig at kommunen og utbygger vurderer korleis området skal utformast etter drift og kva føremål området skal tilbakeførast til. Korleis avsluttinga av uttaket skal gå for seg og kva slags arealføremål som uttaket skal settast i stand til gir god kopling til DMF sin handsaming av søknad om driftskonsesjon.

Sjå også vår rettleiing «*Krav og hensyn til fysiske omgivelser ved forvaltning og bruk av mineralressurser*»: <https://dirmin.no/regelverk/veiledere>



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verkøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Arita Eline Stene
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Gabriella Fure Briceno

Mottakarar:

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Postboks 2500

6404 MOLDE

Kopi til:



Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 Molde

Volda, 17.1.2025

Merknad til arbeidet med ny fv. 60 Tomasgard – Røyhus bru

Naturvernforbundet vil med dette gi eit innspel til arbeidet med ny fv. 60 i Hornindal i Volda kommune. Vi var diverre ikkje på bana med våre perspektiv då denne saka var oppe til politisk debatt og vedtak i juni 2023. Det beklagar vi. Først og fremst på vegner av naturen, som vart nedprioritert då Møre og Romsdal fylkesting gjorde sitt vedtak om traseval.

Vi registrerer no at arbeidet med reguleringsplanlegging er i gang, og at det hausten 2024 var fleire synfaringar og anna aktivitet i og langs den vedtekne traseen. Vi reknar sjølvst med at det i denne innleiande fasen blir gjort ei grundig konsekvensutgreiing slik lovverket krev¹. Dette skal som kjent ligge i botnen for vedtak om store utbyggingsprosjekt, slik at dei blir gjennomførte i samsvar med dagens nasjonale føringar for korleis ein skal minimere tap av naturverdiar, biologisk mangfald, dyrkamark og kulturminne. På desse felta er det som kjent gjort store endringar sidan det første vedtaket om ny veg i Hornindal vart gjort i 2013.

Dersom den første delen av denne vegen blir bygd slik han no er planlagd på sørsida av dalen, vil det vere eit typisk døme på eit prosjekt med store naturinngrep for å bygge infrastruktur. Slike saker om naturtap har som kjent vore mykje framme i det offentlege ordsiftet dei siste åra, m.a. med utgangspunkt i NRK sin dokumentasjon i TV-seriar og tilhøyrande nettartiklar². Seinast denne veka var manglande grep frå regjeringa mot kommunane si nedbygging av natur toppsak på *nrk.no* under tittelen «Useriøst og enorm ansvarsfraskrivelse»³.

Saka om *Planlegging og verdioptimalisering fv. 60 Tomasgard – Røyhus bru* (T 0044/23) vart drøfta og vedteken 20.6.2023. Fylkestinget i Møre og Romsdal valde då å eit anna trasealternativ enn det som var foreslått i innstillinga frå fylkeskommunedirektøren. Den var basert på den klare tilrådinga frå Rambøll sin rapport *Verdioptimalisering fv. 60 Tomasgård – Røyhus bru*⁴ om å greie ut eit alternativ med meir gjenbruk av eksisterande veglinje.

Etter vårt syn gjorde fylkestinget her eit vedtak som er i strid både med eiga bestilling då saka kom på fylkespolitisk dagsorden i 2021, og ikkje minst med nasjonale og internasjonale føringar om å unngå nedbygging av sårbar natur.

Då Samferdsleutvalet i M&R fylke i mars 2021 vedtok å starte arbeidet med reguleringsplan for fv. 60 i Hornindal, var hovudmålet sjølvst at «[n]y veg skal bidra til betre trafikktryggleik, betre framkomme og reduserte vedlikehaldskostander på strekninga Tomasgard-Røyhus bru».

¹ www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/innsiktsartikler-klima-miljo/konsekvensutredninger/id2076809/

² https://www.nrk.no/dokumentar/xl/nrk-avslorer_-44.000-inngrep-i-norsk-natur-pa-fem-ar-1.16573560
https://www.nrk.no/dokumentar/xl/nrk-avslorer-hvordan-norges-100-storste-naturinngrep-ble-til_-naturen-vi-ofret-med-oynene-lukket-1.17168283

³ <https://www.nrk.no/dokumentar/kritiserer-regjeringen-og-erling-sande-for-naturlovbrudd-1.17205460>

⁴ <https://mrfylke.no/f/p1/ib4372c6d-9b51-4983-9e24-f5abb5ee8427/rapport-verdioptimalisering-tomasgard-royrhus-bru.pdf>

Men tydelege formuleringar om jordvern var også med frå starten:

Det er tydelege mål og føringar om å legge sterkare vekt på ikkje prissette konsekvensar av vegprosjekt. Fylkesplanen og Møre og Romsdal sin fylkesstrategi for samferdsel bygger på FN sine berekraftmål og er tydelege på at ein skal avgrense skader og inngrep i naturen ved tiltak og aktivitet knytt til fylkesveg.

I sin merknad til oppstartvarselet for denne planen påpeika også Statsforvaltaren på fleire tilhøve som det må takast omsyn til vidare i planlegginga. Det gjeld tilhøve som kan ha innverknad på grunngevinga for val av konsept, mellom anna naturverdiar, naturmangfald og konsekvensar av nedbygging av myr.

Sidan det er over 10 år sidan kommunedelplanen og konsekvensutgreiinga blei vedtatt, var det behov for å vurdere om føresetnadene framleis er gyldige eller om utviklinga tilseier nye vurderingar. Fylkeskommunedirektøren meinte at auka merksemd på berekraft, klimautslepp og naturinngrep tilsa at det var behov for ei ny vurdering.

*Samferdselsutvalet gjorde derfor slikt vedtak i sak SA-82/22, 29. september 2022:
«Samferdselsutvalet vedtek å gjennomføre verdioptimalisering av vedtatt kommunedelplan for fv. 60 Tomasgard-Rørhus bru. Arbeidet blir gjennomført innanfor tildelt ramme til planlegginga.»
(Frå saksframlegg til T 0044/23, s.2)*

Konsulentselskapet Rambøll vart engasjert for å gjennomføre verdioptimaliseringa av prosjektet. Dei leverte sin rapport i mars 2023. Dette er eit fagleg grundig dokument med oppdaterte normer og reguleringar - både for vegbygging og jordvern - som eit sjølvstøtt grunnlag for vurderingane og konklusjonane. Etter vedtaket i juni 2023 er det også dokumentert at det på sørsida av dalen er store område av naturskog, i tillegg til dyrkamark og myr⁵.

Fylkestinget lytta korkje til konklusjonane i Rambøll-rapporten eller eigen administrasjon om å satse på gjenbruk av eksisterande trase også på den første delen av den aktuelle vegstrekninga. Dei heldt i staden fast på vedtatt alternativ frå 2013 på sørsida av dalen.

Her valde altså fylkestinget i M&R - med stort fleirtal – eit alternativ som både var det klart dyraste og som vil krevje om lag ti gongar så mykje nytt vegareal enn det tilrådde alternativet, inkludert ei svært lang og høg elvekryssing. Dvs. at ynsket om å få vegen bort frå busetnaden, maksimal vegstandard og ev. andre samfunnsmessige omsyn også denne gongen vart vurdert som tyngre enn det samla tapet av dyrkamark og andre naturverdiar.

Dette er reelle dilemma. Begge alternativa har negative konsekvensar for noko(n), og naturen har alt for ofte tapt i slike saker. Men dei siste åra har det vore mykje meir merksemd om å unngå nedbygging av natur, og internasjonale og nasjonale retningslinjer om dette er kraftig skjerpa dei siste åra. Eit eksempel på dette er dei nye statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet⁶, der det no tydeleg går fram at bygging på myr bør unngåast. Vi følgjer også regjeringa sitt arbeid med å gjennomgå *Forskrift om konsekvensutredningar*⁷ med spenning, der signala er at regelverket vil verte skjerpa for å betre vareta natur i arealplanprosessar.

⁵ <https://www.nrk.no/rogaland/na-kan-du-sjekke-hvor-mye-gammel-skog-som-finnes-der-du-bor-1.17205684>

⁶ <https://www.regjeringen.no/contentassets/e08485dbbbd14032a6bf592939885f00/statlege-planretningslinjer-for-arealbruk-og-mobilitet.pdf>

⁷ <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-21-854>

På toppen kjem prislappen. Ved å velje det tilrådde gjenbruksalternativet vil det vere «mogleg å spare rundt 200 millionar kroner i investeringskostnader samanlikna med å bygge ny veg, i tillegg til sparte vedlikehaldskostnader ev. omklassifiseringskostnader i framtida» (Frå saksframlegg til T 0044/23, s.3).

Skilnaden i køyretid mellom dei to alternativa på den aktuelle strekninga på 13 km. (mellom Tomasgard og Røyarhus bru) er elles berekna til ca. 1,5 minutt.

I referatet frå Fylkestinget ser vi spor av at jordvern *var* framme i debatten. Her kom det nemleg inn eit nytt avsnitt om å «minimalisere bruken av bandlagt dyrkajord i kommunedelplanen, også forbi Taraldset». Her kan ein spørje kvifor dette måtte presiserast. Ville det elles ha vore aktuelt å «*ikkje* minimalisere bruken av dyrkajord?». Eller at eit unntak frå dette sjølvagde omsynet ikkje skulle gjelde på ein av dei aktuelle eigedomane?

Naturvernforbundet ser med stor uro på dei siste åras store nedbygging av dyrkamark, skog, myr og anna verdfull natur for å etablere næringsområde, industri, bustader, hyttefelt og vegar, og vi kjem til å følgje dette prosjektet tett vidare. I denne første fasen er vi særleg spente på kva som blir registrert i naturkartlegginga av terrenget i den aktuelle traseen. I tillegg til den før nemnde dyrkajorda er det her område med naturskog, beitemark, slåttemyr og restar etter ein husmannsplass. Flora og fauna må sjølvagst også registrerast og klassifiserast. Dette reknar vi med skjer så tidleg som råd i 2025, som ein del av konsekvensutgreiinga.

Vedtaket i fylkestinget i juni 2023 sa at «arbeid med reguleringsplan blir sett i gang» med eit underpunkt om kvar den nye vegtraseen skal gå. Det står framleis att mange undersøkingar, vurderingar og mykje prosjekteringsarbeid før ein ny reguleringsplan er klar. Kanskje kjem det fram moment i denne kartlegginga som utfordrar grunnlaget for valet av veglinje?

Uansett skal det endelege vedtaket om ferdig reguleringsplan – når det kjem opp til politisk avgjerd om nokre år - tuftast på ei grundig konsekvensutgreiing i tråd med siste versjon av *forskrift om konsekvensutredningar* og dei retningslinjene som då elles gjeld for slike prosjekt. Deretter skal det sjølvagst løyvast nokre hundre millionar på ei trangt fylkeskommunalt budsjett.

Vi er alle samde om at det trengst ny fv. 60 gjennom Hornindal. Det første vedtaket om å byrje planlegginga er gjort, men det er lenge att til endelege planvedtak, anleggsarbeid og snorklipping. Politikarane har framleis god tid og høve til å byte side – frå sørsida av dalen til nordsida.

Helsing

Torgeir Parr Dimmen

leiar i Naturvernforbundet i Ørsta og Volda

torgeir.dimmen@gmail.com

tlf. 90618728

From: Tone Sundklakk[Tone.Sundklakk@Morenett.no]

Sent: 16.02.2022 12:53:13

To: Dokpost[post@mrfylke.no]

Subject: Innspel til varsel om oppstart planarbeid for fv 60 Tomasgard-Røyhus bru

Dykkar dato: 31.01.2022

Dykker ref.: 2021/24698-8842/2022

Innspel til varsel om oppstart planarbeid for fv. 60 Tomasgard-Røyhus bru i Volda og Stranda kommunar

Vi syner til varsel om oppstart av planarbeid for fv. 60 Tomasgard-Røyhus bru i Volda og Stranda kommunar.

Mørenett tek varselet til informasjon då det er litt tidleg enno i prosessen å komme med konkrete innspel.

Når de startar opp med detaljplanen, vil vi at de tek kontakt med Mørenett slik at vi får sett på om det er linjer eller kablar som kommer i konflikt med planen.

Vennlig hilsen



Tone Sundklakk
Sivilingeniør Nettutvikling
Mørenett AS

+47 70 04 61 54

+47 41 46 33 95

tone.sundklakk@morenett.no

Sunnylven idrottslag, v. Per Ingebrigt Karbø

Hellesylt 29.03.2022

Solvegen 27

6218 Hellesylt.

Møre og Romsdal Fylkeskommune, postmottak post@mrfylke.no

Møre og Romsdal Fylkeskommune, v. kristin.fostervold@mrfylke.no

Fylkesveg 60 Grodås-Hellesylt. Sykkelsti og løyper som bind saman idrettsanlegg/turområde

I samband med det planlagde reguleringsarbeidet ved utbetring av vegen frå Hornindal til Hellesylt/Stranda meiner Sunnylven Idrettslag det er svært viktig det blir lagt til rette for å knyte saman viktige turområde. Vi vil med dette be om at idrettslaget vert tatt med på råd når planane for vegen skal utarbeidast.

Det er i dag ei langløype for ski frå Grendadalen i Hornindal til Honndøla bru. Den løypa bør forlengast til skianlegget i Hyttehola. Då må det leggest til rette for kryssing av Fylkesveg 60 og kryssing ved Røyarhus bru med prepareringsmaskin på ein trygg måte. Det bør og leggest til rette for trygg ferdsel for syklistar/fotgjengarar og skigåarar. Her kan ein tenke seg at den gamle Trondhjemske postveg vert nytta på delar av strekninga.

Området rundt kommunegrensa mellom Stranda og Volda er eit svært attraktivt område for skiturisme. Store mengder med skituristar parkerer her store delar av vinterhalvåret. Parkering blir utført langs fylkesveg 60 eller på private stikkvegar. Det bør planleggast eit parkeringsareal i dette området.

Fylkesveg 60 frå Stryn til Sykkylven er peika ut til Designvegen, der ein skal kombinere trafikk med «*opplevelser, attraksjoner, norsk design og storslått natur*». Sunnylven idrottslag har eit aktivt fleirbruksanlegg (Hyttehola) og merker mange turløyper langs Fylkesveg 60. Fleire område er registrert som regionalt og lokalt viktige friluftsområde. Idrettslaget ser det som viktig at ein i dette viktige tur og turistområdet lar den nye vegen bidra til betre tilhøve for syklande, gåande og skiløparar. Med enkle midlar kan denne vegen bli viktig del også i regionale sykkelrutenett som turistane og andre etterspør.

Det er no ei satsing på naturbasert turisme i Stranda og Hornindal, der nytt hotell i Sunnylven og eksisterande hotell (Raftevold, Union, Villa Norangdal) er sentrale aktørar. Langedalen vil vere viktig som turområde. Vi meiner at tilrettelegging for sykkel, løyper og sti er viktig langs Designvegen.

Vi håper kommunane og Statens Vegvesen merkar seg vårt innspel, og at vi kan få godt samarbeide om tilrettelegging langs Fylkesveg 60.

Hovudstyret i Sunnylven IL

v. leiar Tarjei Korsbrekke 95 55 96 54

Hornindal Grendeutval
v/ Ove Rand
Fagrebakken 10
6763 Hornindal



Til
Møre og Romsdal Fylkeskommune
v/ Planprosjektleder Kristin Fostervold

Dykkar referanse:
2021/24698 – 8842/2022

Hornindal Grendeutval – Innspel til oppstart planarbeid for Fv. 60 Tomasgard – Røyhus bru

Hornindal Grendeutval har ingen kommentar til utsendt informasjon og folkemøte 16. mars for varsel om oppstart planarbeid for Fv. 60 Tomasgard – Røyhus bru men vil at Møre og Romsdal Fylkeskommune tar følgende innspel med i planarbeidet vidare:

a) Fv. 664 Grodås – Otterdal, vurdering av tunnelloysing.

Hornindal Grendeutval sende innspel til Møre og Romsdal Fylkeskommune 6. januar 2022 om korte og langsiktige tiltak for rassikring av Fv. 664 til Otterdal etter raset som gjekk 4. januar. Vi ber om at tunnelloysing fortsatt blir vurdert for trygg veg samt at masseuttak frå dette kan brukast som fyllmasse for Fv. 60.

b) Undergang i området Honndøla bru.

Hornindal Grendeutval vil og be fylkeskommuna vurdere undergang i området Honndøla bru for å koble saman turistinformasjon med campingplassen. Dette vil være positivt for fritidsaktiviteter både sommar og vinter. Både Honndøla bru, Hornindalsrokken og Giftarsteinen er viktige severdigheter i Volda kommune og det er mykje turistar som stoggar opp, både for å ta bilder og nyte naturen.

c) Planprosessen vidare.

Hornindal Grendeutval ber om at planprosessen vidare har ein open og god dialog med dei involverte grunneigarane og med god framdrift i planarbeidet.

Hornindal, 29. mars 2022

Ove Rand
-leiar-

Møre og Romsdal fylkeskommune

v/Samferdsleavdelinga

Postboks 2500

6404 Molde

Hornindal, 29.03.2022

Uttale plan FV60 Tomasgard- Røyhus Bru

Under følgjer innspel/merknader frå grunneigar på 203/07 og 203/10.

Som grunneigarar er vi særst uroa for den tidlegare skisserte kryssløysinga og vegføringa forbi eigedomen vår på Tomasgard. Planen som blei framsett i 2012 vil gje svært negativ innverknad for både noverande og framtidige bebuarar på bruket, i tillegg til gardsdrifta. I planen frå 2012 var mellom anna ei heving av vegen forbi garden presentert, tross at vi undervegs i prosessen kom med innspel på alternative løysingar på krysset. Denne tidlegare skisserte kryssløysinga og vegføringa er ei løysing vi på ingen måte kan godta.

Vi ynskjer minst mogeleg inngripen i eigedomen vår, og at vi får behalde mest mogleg av beitearealet vårt. Beitet nedanfor og innanfor fjøsen er i dag mykje brukt og vil bli viktigare i framtidig drift. Det er viktig at vi saman ser på potensialet for eventuell utviding/endring og bruk av nærliggjande areal som beiteområde. Dersom vegen kjem midt i beitet vil vi ikkje lenger kunne nytte delen nedanfor vegen og det er derfor ønskeleg at vegen ligg så langt ned mot elva som mogeleg.

Støy og miljø

Bustadhusa og driftsbygningane på bruket er av dei som vert liggande nærmast den nye veglinja, og ved ei slik løysing som blei skissert vil støynivå og forureininga auke. Vi bur lågt i terrenget med utsikt stort sett mot område i nord og elva. Tunets samlingsplass er mot nord. Dette har vore greitt fordi vegen ligg nokre meter lågare og såleis ikkje til sjananse for utsikt. På baksida av husa er der ein bakke, og difor ikkje utsikt. Ein veg forbi eigedomen vår etter den skisserte løysinga vil føre til tilnærma null utsikt, og også hindre utsikt mot elva. Vi ser ei løysing med støyskjerming/støyveggar som ei uholdbar løysing.

Det er tidlegare gjennomført kartlegging av begge bustadhusa på eigdommen med tanke på støy frå veg både utandørs og innandørs. Auka trafikkmengde og vegføring vil gi generelt gje auka støy på eigdommen, og vi ynskjer difor ny kartlegging av dette.

Tap av verdi og livskvalitet

Ei høg vegbane og skissert kryssløysing vil redusere verdien av eigdommen betydeleg. Livskvaliteten vil også bli sterkt redusert, og dette vil føre til at det blir vanskeleg å få komande generasjonar til å busette seg her.

Framtidige konsekvensar for drift av garden

Ein er i prosess med generasjonsskifte på garden, med driftsplan og plan for ombygging for å tilfredsstillere nye krav i storfehold.

Storfe som står i båsfjøs etter 01.01.2024 skal minimum ha 16 veker med fri bevegelse i løpet av sommarhalvåret. Beitet vårt er og vil bli heilt avgjerande for at vi kan etterkomme dette kravet, og allereie i dagens drift er beitet svært mykje brukt. Beitet vil i praksis bli sterkt redusert, og dette vil ha store konsekvensar for drifta av garden.

Veglinja vil hindre viktig tilkomst mellom bruket og elva, og dette område må sikrast tilkomst. Det er mellom anna vasspumpe med traktordrift ved kvernhuset som ein må ha tilgang til. Vi må også ha tilgang til kvernhus og badeplass ved elva.

Mellom veglina og "Råsa" i beitet kan det fyllast opp med masse. Ein føreset at røyr/avløp og andre leidningar vert teke omsyn til.

Det er oppstillingsplass for egne- og fellesredskap mellom elva og vegen. Denne får ein ikkje tilkomst til lenger, og ein må i fellesskap opparbeide ny plass. I tillegg er det viktig at det ikkje blir store omkjøringar for å komme på motsett side av elva i forhold til leigejord, henting av fôr, køyring av gjødsel, og samarbeid om redskap.

Veglinja som tidlegare er planlagt er så nær driftsbygninga vår at utkøyring av gjødsel ikkje vil la seg gjennomføre. Vi har berre eitt alternativ til utviding av driftsbygning i forhold til krav om lausdrift som skal gjennomførast seinast i 2034, og det er i retning aust. Vi føreset at ein får løyve til det sjølv om avstand til ny veglinje blir mindre enn krava.

Bruket har i lengre tid hatt direktesal av grønsaker knytt til vegen. Ein har eit ynskje om å utvikle dette vidare, og at det skal vere mogelegheit til å drive med dette også i framtida.

Vårt forslag til kryssløysing og vegføring

Veglinje i same høgd som no, trafikk frå "Storebrua" kjem inn på nye vegen i plan. Gangveg frå brua langsmed nye vegen, og gangfelt (event. med lysregulering) ved nytt kryss til fv 726. Dette kan gjennomførast ved å klassifisere ned vegen på strekninga, med fartsgrense 60km/t. Denne løysinga tek òg omsyn til av- og påstiging til buss. Alternativet i planen fører til kryssing av vegbane i 80 sone utan gangfelt.

Bebuarane på bruket har ingen forståing for at ein skal velje ei så dårleg løysing som tidlegare var skissert for å kunne halde ei fartsgrense på 80km/t.

Viser elles til uttale frå Tomasgard Grunneigarlag som tek føre seg fellesinteresser i og ved utmark. Plan Sagelva Vassbruksområde inneheld elles detaljar ang. kulturminne heilt frå kvernhuset vårt til innmark på br.4.

Vi håpar på positiv dialog for å finne gode løysingar saman.

Som de ser tek uttalen vår utgangspunkt i både tidlegare plan frå 2012, og varsel om oppstart av reguleringsplan for fv. 60 som blei gjennomført no i mars.

Med vennleg helsing

Bebuarane på 203/07 og 203/10

Lars Andreas Tomasgård og Brit Lødemel Tomasgård

Linda Kristin Tomasgård og Tom-Øyvind Solheim

From: Lars Vegar Brendefur[Larsv_Brendefur@hotmail.com]

Sent: 28.03.2022 18:38:12

To: Dokpost[post@mrfylke.no]

Subject: FV60 Tomasgard-Røyrhus

Hei,

Eg ser at det er lagt opp til å være traktorveg/gangveg Brendefur-Seljeset.

No blir det slik at det er 3 vegar som går inn på min eigedom, då meiner eg at ein skulle ha rett til å bruke dei i det minste. Det burde vere slik at dei som bur her og blir ramma av at vegen går utover dyrka mark får bruke vegen slik ein vil. Altså at ein kan bruke vegen slik som den er no, med bil. I staden for å køyre opp til Raftevold og så ned til Taraldset, for å så køyre opp til Seljeset, noko som eigentleg er rett over elva.

Vi leiger ut dyrkamark og fjøs/lade til nokon som driv gård og bur på seljeset, so blir tungvint for dei også.

Gårdsnr: 193

Bruksnr: 2

Brendefur

Hornindal

Mvh

Lars-Vegar Brendefur

Mob: 90698154

E-post: Larsv_Brendefur@hotmail.com

From: Margrethe Brendefur[mbrendef@online.no]

Sent: 10.02.2022 21:00:15

To: Dokpost[post@mrfylke.no]

Subject: Vedr. ref.nr 2021/24698-10161/2022 oppstart planarbeid Fv 60

Hei

Eg har overdrege min gard br.nr. 193-2 til min son Lars Vegar Brendefur Hornindalsvegen
699 6763 Hornindal

All korrespondanse må derfor gå til han heretter.

Mvh

Margrethe Hage Brendefur

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
Postboks 2500
6404 Molde

Hornindal, 31.03.2022

Innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for fv. 60 Tomasgard - Røyarhus bru:

Eg syner til varsel om oppstart av detaljregulering for fv. 60 Tomasgard - Røyarhus bru. Det er sær sars positivt at ein no startar å utbetre fylkesvegen på denne strekka. Som grunneigar ynskjer eg å kome med følgjande innspel:

1. I følgje veglinja som vart presentert på informasjonsmøte i Hornindal våren 2022 ser den nye fylkesvegen ut til å kome inn på eksisterande trase ved "Gjølet", på vår eigedom gbnr. 194/4. Dersom det er mogleg er vi takksame om veglinja kan justerast noko slik ikkje dyrka mark gjeng tapt, då vi driv med grasproduksjon. Dersom noko av den dyrka marka gjeng tapt som følgje av utbygginga er vi interessert i å kjøpe til/bytte ev. Tilleggsareal dersom dette let seg gjere.
2. I dag har fylkesvegen igjennom dalen fartsgrense 60 km/t. Veggen har dårleg standard, er tidvis smal, og har blanda trafikk. Dette medfører nestenulukker, og vi har sjølv opplevd fleire trasige episodar med trafikantar som ikkje korkje respekterer fartsgrense eller at der gjeng personar med til dømes barnevogn. Dette gjeld både mindre og store køyretøy. Resultatet av ymse trafikkontrollar underbygger også dette. For den nye fylkesvegen vert det difor viktig å skilje trafikkareal frå gang/sykkelareal for å betre tryggleiken for mjuke trafikantar. Ved lengre strekke med gode gang/sykkelvegar inviterer ein til auka bruk, og betre folkehelse.
3. Igjennom detaljreguleringa bør ein så langt det er mogleg, søkje å samordne med kabeletatar som Mørenett og Enivest. Dette for å ha moglegheit til å kunne legge straum og kommunikasjon som til dømes fiber langs vegtraseen. Dette er viktig for både å betre kapasiteten på nettet mellom Hellesylt og Grodås, samt sikre forsyningsevne under uvær.

Beste helsing

Andreas Standal Eikrem
Hornindalsvegen 734

Innspel til planarbeid fv.60 Tomasgard-Røyarhus bru

Åsmund Seljeset og Guro Sterud Stutlien, grunneigarar på bruk nr. 200/4.

Stiller oss positive til foreløpig trasé som er lagt opp og presentert på folkemøtet. Vi reknar med dette trasé 5 som tidlegare var eit alternativ som eit tilbakelagt kapittel. Då dette alternativet var lagt mellom bustadhus og driftsbygning. Med alle dei ulempene dette medfører for gardsdrifta med tanke på slått og gjødsling, beiting, tap av dyrkamark og så vidare. Vi understrekar spesielt trafikkfara det ville ha vore å ha ein fylkesveg med 80 km/t sone gjennom eit gardstun der ungar skal vekse opp, der huset til besteforeldra er på andre sida av vegen.

Vi er også i gang med planlegging av ny driftsbygning, som vil gå inn det som tidlegare var alternativ 5 for vegen. Vi reknar med planarbeidet dermed ikkje vil få nokon konsekvensar når vi skal søke byggeløyve.

Vi vil også spele inn at i det framtidige planarbeidet er det viktig å få til ei god løysing for landbrukstrafikk og trafikk elles frå Seljeset ved kryssing av Storelva, på begge sider. Samt fartsreducerande tiltak på sambindingsvegen gjennom tuna på Seljeset.

Mvh. Åsmund Seljeset og Guro Sterud Stutlien

Edgar og Nora Flo
Taraldsetvegen 4
6763 Hornindal

6763 Hornindal, 31.03.2022

Møre og Romsdal Fylkeskommune
Julsundvegen 9
6512 Molde

**Henviser Til Dykkar brev datert 31.01.2022 – ref: 2021/24698 – 10161/2022
Oppstart planarbeid for fv. 60 Tomasgard – Røyhus bru.**

Våre eigedomar er Taraldset gnr. 201/1 og gnr. 201/5.

Iflg. planlagt trase så vil ny fv.60 gjere store innhogg i vårt gardstun. Våningshuset har en avstand frå dagens veg på 40 meter og driftsbygningen ca 20 meter frå dagens veg.
Kommunal veg til dei andre bruka på Taraldset går også forbi våningshuset vårt med 10 meters avstand. Det vert også inngrep i dyrka areal retning austover.

Vår teig gnr.201/1 (som ligg aust for hovedbruket) som vi dyrka opp i perioden 1978-1983 ca 40 da. vert iflg. plan 2 delt i to. Det same skjer med innmarksbeite til naboen gnr. 201/4.

Vi ønsker primert at linjevalget trekkes så langt mot sør som mulig.

Mht. til spørsmål om, som følger;
- undergang for tilkomst til utmark,
- problematikk vegkryss kommunal veg/ny fv.60,
- tilkomst til ovanfor nemnde dyrka areal,
- avkjørsle/kryss gnr. 201/5 både innmark/utmark.
- støyskjerming, m.fl.
- gjerdehald (som vi har mykje av som er nærast utmarka)

Vi går ut frå at undervegs i planarbeidet vert vi grunneigarar kontakta av planleggarane for detaljert dialog omkring løysing av desse problemstillingane.

Mvh
Edgar og Nora Flo
Mail: edflo49@gmail.com
Mob: 413 31 248 eller 938 55 396

Kopi:
kristin.fostervold@mrfylke.no
post@mrfylke.no

Ola Sætren / Stine Hole
Sætren 44
6763 Hornindal

30. mars 2022

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset, postboks 2500
6404 Molde

Reguleringsplan for ny fv. 60 Tomasgard–Røyarhus bru

Viser til møte i Honndalshallen den 16. mars d.å. med orientering om oppstart av arbeidet med reguleringsplan for fv. 60 Tomasgard-Røyarhus bru. På møtet vart folk oppmoda om å sende inn kommentarar, noko vi med dette følgjer opp. Merknadene våre no er, med visse endringar, dei same som vi sende inn til Hornindal kommune i skriv av 12. juli 2009 og 25. mai 2012. Men sidan det har vore sagt at mange saksdokument ikkje er tilgjengelege, sender vi eit nytt skriv, der vi også peikar på ein del nye synspunkt.

Vi har følgjande kommentarar og innspel:

Noverande situasjon

Spørsmålet om ny veg frå Tomasgard og innover på sørsida av dalen vart først teke opp like etter andre verdskrigen. Det var då snakk om ein gards- og grendeveg, som skulle gje gardsbruka her betre bilveg enn dei gamle vegane ein hadde då. Først midt i 1960-åra kom nyevegen frå Tomasgard til Seljeset, seinare lengd over elva til Brendefur. Denne vegen vart bygd som fylkesveg, men skulle først og fremst tene oppsitjarane i området og næringsinteressene deira. Trafikken ville bli liten, og veglina vart bestemt i høve til dei som budde her.

Nokon hovudveg, ein ny riksveg 60 gjennom dalen, var då ikkje aktuelt. Ein moderne gjennomgangsveg ville nok fått ein annan trasé forbi Sætren enn noverande fylkesveg. Dette har m.a. medført ein uoversiktleg bakketopp vest for gardsbruket vårt. For gardsbruket vårt, gnr. 202/1, vart vegen lagd med ein avstand på 20-30 meter frå huset og tunet vårt, og med ein relativ bratt gardsveg inn på fylkesvegen. Frå sagbruket på garden er også tilkomstvegen til fylkesvegen bratt og vanskeleg, særleg vinterstida.

Framtidig scenario

Dersom framtidig f.v. 60 vert lagd etter noverande fylkesvegtrasé forbi gardsbruket vårt, vil trafikken bli svært konfliktfylt på mange måtar:

1. Med den korte avstanden som er frå vegen til bustadhuset/tunet vil støyen frå fleire bilar med større gjennomsnittsfart bli svært sjenerande og belastande for oss som bur her. Redusert fartsgrense er neppe aktuelt.
2. Med aukande trafikk/høgare fart vil avkøyringa til/frå fylkesvegen forverre seg. Det same vil situasjonen bli for born som må krysse vegen til skulebussen.
3. Avkøyrsla frå sagbruket, som i dag er vanskeleg nok, vil forverre seg med ein ny fylkesveg med aukande trafikk/fart. Større aktivitet på sagbruket vil forsterke desse problema.
4. I dag vert fylkesvegen delvis nytta som avloingsveg med innkøyring frå markene på garden. Aukande trafikk/fart vil komplisere dette. Ved alternativ val av trasé vil ein kunne unngå det. Sjå nedanfor.
5. Dersom noverande fylkesveg vert vald som framtidig trasé, vil både gardsvegen

til/frå tunet og til/frå sagbruket måtte leggest om. Det vil medføre bruk av dyrka mark og vesentlege kostnader til opparbeiding.

Innspel om alternativ trasé forbi Sætren

I kommunedelplanen vart fem ulike traséar vurderte. I Delområde A: Tomasgard-Taraldset, Sætren, er det vist eit alternativ 2B, der vegen lokalt er flytt mot nord. Dette samsvarar heilt med våre ønske no, også halde fram i dei tidlegare skriva våre. Ved handsaminga av kommuneplanen i 2012 stilte både vegvesenet og kommunen seg positive til å vurdere ein alternativ vegtrasé, jf. det som er nemnt ovanfor om støy, vegtilkomst, skuleveg og næringsaktivitet. Vi skjønar det slik at ei full masseutskifting er aktuelt i den noverande fylkesvegen dersom denne vert vald som trasé. Ei ny vegline treng difor ikkje medføre ein større kostnad.

Vi har tidlegare vore inne på ei lineføring om lag der den gamle saga/flishuset stod. Etter å ha tenkt nøyare over det, meiner vi at ein trasé nord for saga kan vere det beste og mest framtidsretta. Det vil kunne spare både meir dyrka jord og mesteparten av næringsarealet i dette området til eventuell uviding av lagerbygg/lagerområde. Ut ifrå desse omsyna er det ønskeleg at vegtraséen vert dregen så langt nord i denne korridoren som råd er.

Ein slik nordleg trasé vil føre til at:

1. Ein vil unngå nærleik til gardstunet og sjenerande støy og belastning som stor trafikk vil representere.
2. Avloing av dyrkamarka kan for det meste skje utan innkøyring på fylkesvegen, og ein treng ikkje oppretthalde noverande avkøyrslar frå dyrkamarka.
3. Tilkost frå tunet og sagbruket kan samlast i éi felles og trygg avkøyrslar frå fylkesvegen.
4. Ein vil få eit meir lagleg næringsareal i høve til å få vegen gjennom den gamle sagtomta.
5. Ein ny trasé med éi inn-og utkøyring til bruket vårt vil også bli tryggare for trafikantar på fylkesvegen.

Andre innspel

Med tanke på tilkomst og avvirking av skog i områda aust for gardstunet må det takast omsyn til avkøyrslar på begge sider av fylkesvegen, og lunneplassar må planleggjast.

Området langs fylkesvegen ved Holskarelva vert ofte nytta til parkering av bilar i samband med utfart til setrane og fjellområda på sørsida av dalen. I reguleringsplanen må det takast omsyn til avkøyring og ein parkeringsplass her.

Som tidlegare nemnt, kan vi vere villig til å stille området vest for den gamle saga, mellom noverande fylkesveg og grova, til disposisjon som mellombels plass for massedeponi. Ein føreset då at området vert oppretta til jordbruksareal ved nydyrking etterpå.

Vi ber om at det i reguleringsplanen vert teke omsyn til dei merknadene vi har halde fram, og vi ønskjer at det vert teke kontakt med oss for meir utdjuping av problemstillingane som vi har peika på.

Med helsing

Ola Sætren /s.

Sætren, bnr. 202/1

Stine Hole /s.

From: Jon Aage Torheim[joa-torh@online.no]
Sent: 31.03.2022 23:41:48
To: Dokpost[post@mrfylke.no]
Subject: Uttale reguleringsplan fylkesveg 60 Tomasgard-Røyarhus bru
Møre og Romsdal Fylkeskommune
Samferdsleavdelinga
Fylkeshuset postboks 2500
6404 Molde

Uttale reguleringsplan fylkesveg 60 Tomasgard-Røyarhus bru

-Fylkeveg 60 kryss ved Storebrua på Tomasgard.

Tidligere skisserte løysingar på krysset fv.60 ved Storebrua er vi negative til. Her bør det være redusert fartsgrense med 60 sone slik at eit kryss kan funger med på og avkjøring både frå Tomasgard og Gausemel. Det må også leggast til rette for syklande og fotgjengarar. Busstoppet som er der i dag bør også være med framtidige planer. Vi har leigejord på Gausemel gnr 182/7 og er avhenging av transport til og frå med gjødsling, slått og henting av rundballer. Dersom vegen over Storebrua ikkje kan brukast vil dette føre til store ulemper med lenger kjøring, auka utgifter til drivstoff og ulempe for gardsdrifta med auka tidsbruk.

-Vasspumpe/vatningsanlegg på Tomasgard

Ved dammen på austsida av Storbrua har gnr 203/1 ei vasspumpe som er i drift årlig. Rørgate er nedgravd frå vasspumpa i sørlig retning aust for driftsbygninga på gnr 203/7. Dette må det tas hensyn til når ny veg skal byggast. Vi må ha mulighet med tilkomst til dammen der pumpa står frå Fv 60.

-Beitedyr i utmark og Skogsdrift.

Viser til innsendt fellesuttale frå grunneigarane på Tomasgard

Hornindal 31.03.2022

Lindis Tomasgard Torheim og Jon Åge Torheim gnr203/1

From: Randi Tomasgård[tomasgard.randi@gmail.com]
Sent: 31.03.2022 18:11:14
To: Dokpost[post@mrfylke.no]
Subject: Fwd: Ref 2021/24698 - 10161/2022

Viser til brev av 31.01.22 vedrørende varsel om oppstart av planarbeid for tv.60 Tomasgard – Røyrhus bru. Jeg er deleier av hytte i Tomasgardvegen 8, Gnr/Bnr 1577-203/12. Henviser til tidligere innspill fra min far Ragnar Tomasgård i 2014, og melder med dette fra om at vi ønsker avkjørsel ved den gamle saga på samme sted som til gården Tomasgard.

Mvh Randi Tomasgård

From: Ola Hove[olhove@online.no]
Sent: 28.03.2022 13:37:44
To: Dokpost[post@mrfylke.no]
Subject: Fylkesveg60 Tomasgard-Røyhus bru
Hei!

Var på møtet ang. utbedring av fv60 Tomasgard-Røyhus bru 16.03.2022.

Vi har massetak ved Kjøs bru. Per Røyhus AS driv pr. i dag, den avtalen går snart ut. Der er moglegheiter å ta ut sprengstein for prosjektet.

Vi har også ein diponiplass for mottak av masse.

Mvh Jutedal Gard, gbr 214/1, ved Ola Hove.

From: Inge Røyarhus[inge.royarhus@online.no]

Sent: 30.03.2022 22:04:30

To: Dokpost[post@mrfylke.no]; Kristin Fostervold[kristin.fostervold@mrfylke.no]

Subject: FV 60 - OPPSTART PLANARBEID

OPPSTART PLANARBEID FOR FV.60, TOMASGARD – RØYRHUS BRU.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET.

Underteikna er grunneigar ved området Røyarhus bru, på Gnr. 1525.79/ Bnr. 1.

Krysset mellom FV.60 og den kommunale vegen til Røyarhus er på min eigedom.
Tidlegare har eg sendt uttale om traseen.

Eg har framlegg til detaljar som bør gjennomførast i dette området:

1. Ei busslomme med buss-skur på kvar side av FV.60, for trafikktryggleik.
2. Trafikksikkert kryss for vegen til Røyarhus (dette har de nok i planane for vegen)
3. Gang/sykkelveg på FV.60 i samband med den nye traseen.

Vennleg helsing

Inge Røyarhus

Røyarhusvegen 191

6218 Hellesylt

Tlf. 41 55 09 92

From: Haugen Maskin, Anders Maurset[anders@haugenmaskin.no]
Sent: 29.03.2022 13:54:26
To: Dokpost[post@mrfylke.no]
Cc: Post[post@haugenmaskin.no]
Subject: Innspel til Fv60 i Hornindal
Innspel til Fv60

I forbindelse med arbeid på FV60 gjennom Hornindal så vil T&R Haugen Maskin AS gje innspel om at vi eig steinbrudd i Otterdalsstranda Gbnr 178/77. Pr. i dag har ein ikkje konsesjon på meir areal i sidene, men ei evt. utviding må då takast opp til vurdering dersom det kjem innspel frå MRFK om det. Massene som er tatt ut til no er CE-godkjent og av god kvalitet. Ta gjerne kontakt for å få oversendt kopi av steinkvaliteten.

Med vennleg helsing



Anders Maurset

Driftsleiar | T&R Haugen Maskin AS
post@haugenmaskin.no | 48 01 26 90 / 90 13 34 02

From: Kristin Fostervold[kristin.fostervold@mrfylke.no]

Sent: 12.05.2022 12:45:01

To: Jolisa Veldwijk - meints[Jolisa_Meints@hotmail.com]

Subject: Question

It is way to early to say where the new road will be placed. The planning will take years.

And IF the road will cross your land, off course you don't have to leave your farm.

It is custom to work with the landowners both to find good agricultural solutions for the land, but also compensate for any economic loss that may appear.

Med helsing

Kristin Fostervold

Planprosjektleder

Fylkesvegavdelinga – plan og trafikk

Møre og Romsdal fylkeskommune



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Tlf. 71 28 00 57/971 82 338

Fra: Jolisa Veldwijk - meints <Jolisa_Meints@hotmail.com>

Sendt: torsdag 12. mai 2022 12:02

Til: Kristin Fostervold <kristin.fostervold@mrfylke.no>

Emne: RE: SV: SV: Question

Hei,

I aksed couple of weeks ago about the road. Is it going to be over/across our land?

----- Oorspronkelijk bericht -----

Van: Kristin Fostervold <kristin.fostervold@mrfylke.no>

Datum: 04-10-2021 09:53 (GMT+01:00)

Aan: Jolisa Veldwijk - meints <Jolisa_Meints@hotmail.com>

Onderwerp: SV: SV: Question

As for now – nothing will be different, but you may observe some of us walking in the terrain on your property. We will be easy to recognize, since we will be using our protective clothing. (yellow and reflective).

It is yet early days in the project and too early to predict consequences for your property. The map below shows the adopted municipal sub-plan and the adopted alignment for the new road.

Fra: Jolisa Veldwijk - meints <Jolisa.Meints@hotmail.com>

Sendt: mandag 4. oktober 2021 09:20

Til: Kristin Fostervold <kristin.fostervold@mrfylke.no>

Emne: RE: SV: Question

Hei,

Thank you! And what will be different for us at Kjellstadlia 58?

Mvh

----- Oorspronkelijk bericht -----

Van: Kristin Fostervold <kristin.fostervold@mrfylke.no>


Datum: 04-10-2021 08:49 (GMT+01:00)

Aan: Jolisa Veldwijk - meints <jolisa_meints@hotmail.com>

Onderwerp: SV: Question

Hello, it is about the oncoming planning of a new road. Just the planning, NOT the building ☹️ Building of the new road is not yet funded by the Council in Møre og Romsdal fylkeskommune

10 years ago Hornindal kommune adopted a municipal sub-plan of the new road alignment. It is this new alignment that is now subject to a more detailed zoning plan. The planning will take several years, hopefully the plan for the new road will be adopted in June 2024.



The letter went out to the landowners because we in the coming weeks intend to inspect the area to get acquainted with the premises.

We will in due course summon a meeting for the people of Hornindal to inform of the planning.

Fra: Jolisa Veldwijk - meints <jolisa_meints@hotmail.com>

Sendt: mandag 4. oktober 2021 06:45

Til: Kristin Fostervold <kristin.fostervold@mrfylke.no>

Emne: Question

Hei,

We got a letter about the road but i dont really understand what it says. Can you explain it to me?

Mvh,

Jolisa Veldwijk

Kjellstadlia 58

From: kroyrhus@broadpark.no[kroyrhus@broadpark.no]

Sent: 29.03.2022 14:15:13

To: Kristin Fostervold[kristin.fostervold@mrfylke.no]

Subject: Massetak fv60 Røyarhus-tomasgård

Hei

Har prøvd å nå deg på telefon men får ikkje svar.

Såg i avisa att dere var på utkikk etter mulige områder for uttak av masse til bruk på fv60.

Eg har eit område der en kan ta ut fjell på røyarhus en liten kilometer opp fra røyarhus bru.

Er enkel tilgang på store mengder fjell men området er ikkje regulert.

Var såvidt i kontakt med kommunen for eit års tid siden ang eit prøveuttak for å kunne få åpnet opp å prøvetatt steinkvaliteten men det har ikkje blitt gjort noke meir siden.

Ta kontakt om dette er interessant

Kjell s røyarhus

91593738

From: Erling Brendefur[ebrendefur@gmail.com]
Sent: 31.03.2022 21:48:21
To: Dokpost[post@mrfylke.no]
Subject: Planarbeid for fv. 60 Tomasgard - Røyrhus bru
Hei!

Vi bur på Brendefur i indre Hornindal, og er grunneigarar i området der ny fv.60 er under utgreiing.

Vi synest det er vanskeleg per dags dato å vite kva tilrettelegging vi som grunneigarar treng i dette prosjektet, men vi skulle gjerne hatt eit møte på staden for å sjå på tilhøva.

Dette gjeld både heime, med tanke på støy, vegskjering og visuelt inntrykk og i området mellom Støverstein og Raftevold, der vi har utmarksbeite og skogsteigar.

Ny veg vil sannsynlegvis dele området i to på ein heilt annan måte enn noverande veg. Vi reknar med at ein må ha inngjerding av vegtraséen og undergongar e.l. for å sikre uhindra trekk av både beitedyr og vilt.

Vi legg også stor vekt på samankoplinga mellom ny veg og den eksisterande, då vi ofte køyrer mellom Brendefur og området ved Hørndøla bru, der vi har dyrkamark og sæter.

Mvh
Torill og Erling Brendefur

From: Trude Tomasgård[Trude.Tomasgard@horten.kommune.no]

Sent: 28.03.2022 15:49:54

To: Kristin Fostervold[kristin.fostervold@mrfylke.no]

Subject: Innspill vedr ny FV 60 Del A Tomasgård - Røyhus

Hei,

Ønsker med dette å rette innspill til denne strekninga. Vi har ei hytte tilknytta Tomasgård, den ligg lokalisert like ved gården i skogen austover i luftlinje parallelt med ny planlagt vegtrase. I den anledning ønsker vi å be om avkjøringsmulighet tilknytta ny veg. Denne kan med fordel leggest på samme stad som avkjøring til saga som ligg ved elva, ifølge gardseigar Lars Tomasgård er det ønske og behov for avkjøring her. Er det tilstrekkelig å legge inn ønske slik eller treng ein bilde og mer utfyllande informasjon? Det er tilegare meldt inn same behov frå min far Ragnar Tomasgård som eigde hytta i 2014.

Mvh



Trude Tomasgård

Mobil: 91176865

Trude.Tomasgard@horten.kommune.no

www.horten.kommune.no


[Følg oss på Facebook](#)

HORTEN.
Mulighetene er akkurat her.

Innspel ved oppstart Fv. Tomasgard - Røyhus.

Hornindal 29.03.22

Nokre stikkord frå ein lite berørt grunneigar. (Siri Gausemel gnr/bnr 182/4,10 og 12).
Dermed på nordsida av Storelva:



Berørt eigedom til venstre, hovudtun til høgre. Fylkesatlas mars 22.

Tomasgard – Gausemel -trafikk

I vestre del av planområdet er det svært viktig å sikre at det vert lagt til rette for ei framtidretta og god løysing for trafikkavvikling over elva og til nordsida av dalen, både for køyrande OG GÅANDE. De er sikkert kjende med at både brua og løysinga på nordsida er godt overmoden for opprusting. Ut i teknisk stand på brua vil eg tru dette tvingar seg fram i løpet av relativt kort tid. Med daglig oversikt over brupunktet kan vi berre slå fast at det rett og slett ikkje er plass til dei som skal ferdast her. Trafikkareala strekkjer seg langt inn i tunet på begge sider av veg, permanent.

Vinterstid står lastebilar fast og sommarstid blir situasjonen krydra med bobilar og campingvogner i tillegg. Fleire gongar dagleg. Tilhøva for gåande er direkte vanskelige, og utrygge. Ny Fv 60 vil redusere trafikken vesentleg, men trafikksituasjonen vil likevel ikkje vere tilfredsstillande.

Denne problemstillinga heng sjølvstøtt svært tett i lag med løysinga i sjølve gardstunet på 203/7, som de nemner som eit utfordrande punkt. Innspelet går vel på at det vil vere lettare å løyse trafikksituasjonen på ein god og rasjonell måte om ein ser området i samanheng. Sett med mine planleggarauge burde plangrensa kanskje inkludere areal til å vurdere om kryssing

av elva burde gjerast litt lenger aust, med ny bru og alternativ tilknytning til dagens Rv60 trasé. Som eit minimum bør planframlegget vise ei løysing som tilfredsstillar N100 heilt opp til Fv 5830. Gjennom arbeid med planframlegg på areal nord om dette punktet kjem det tydeleg fram både frå kommune og frå vegeigarar m. fl. at tilfredsstillande skuleveg på dette partiet, eller utover langs Fv 5830 er ein føresetnad for vidare utvikling i området Gausemel - Haugen -Hjellbakk -Fannemel.

Kultur/naturmiljø

Kulturmiljøet langs elva innanfor kartutsnittet over er særprega og verdifullt, med m.a. kvernhus, vadmelsstampe og restar etter kraftverk. Det vil vere viktig å unngå terrenngrep som uroar inntrykket langs elva for store deler av strekningen. Ved søknad om konsesjon for nytt kraftverk i området er det gjort biologiske registreringar som tilseier at også naturverdien på strekningen er relativt høg.

Folkehelse/friluftsliv

Strekningen er også mykje brukt til bading og andre elveaktivitetar, tilkomst må ikkje hindrast, gjerne oppgraderast noko, parkering skjer vel i dag tilfeldig og upraktisk på private eigedomar.

Gnr/bnr 182/4,10 og 12

Føreset at planarbeidet kjem inn på våre private areal er vi som grunneigarar opptekne av at tap av matjord sjølv sagt vert så avgrensa som mogleg og at eventuelle areal som går ut av bruk til vegføremål kan tilbakeførast til rasjonell drift.

Frå eit egoistisk synspunkt kjenner vi også på bekymring for støyforholda når vegen passerer oss i begge tun. For tunet på 182/10 ser det i dei fyrste skissene ut til at vegen vert heva i forhold til eksisterande terreng på 203/2,8 og 9. Dette vil gje relativt rett linje mot vår fasade. Vi er godt kjende med høg andel av tungtrafikk på strekninga og den støybelastninga som kjem ved fartsauke i motbakke etc. og håpar derfor at dette vert vurdert både ved utforming av veg og terreng, og ved ev. støyfagleg vurdering.

Dersom noko er uklart, ta gjerne kontakt. Vi skal følge med, dette er spennande!

Lykke til med arbeidet!

Siri Gausemel m/fam
90 69 23 72

Møre og Romsdal fylke

Postboks 2500

6404 MOLDE

VEDRØRANDE OPPSTART PLANARBEID FOR FV. 60 TOMASGARD – RØYRHUS BRU

Viser til planlagt veglinje i vedlagte kart. Denne vil dele eiegdommen min gnr. 195, bnr. 3 i to, i ei lengd på nærmare 500 meter, noko som vil redusere verdien av eiegdommen mykje. Denne veglinja vil og få påverknad for hjorten som brukar å krysse plenen og eiegdommen min over til andre sida av dalen. Området er og mykje brukt av barn og barne-barn når dei er på besøk. Dei leikar i skogen nedanfor huset og går ned til elva for å fiske.


Viser og til at veglinja går berre 10 – 15 meter frå hjørnet av huset vårt noko som vert ei stor ulempe. Vi har alle soverom på den sida av huset som den nye vegen kjem noko som heilt sikkert vil for-ringje nattesøvnen vår på grunn av all trafikken, spesielt tungtrafikken som går etter fv. 60. Denne trafikken vil og auke monaleg når tunnelen over Strynefjellet vert ferdig og den nye brua frå Svarstad – Innvik på E39 kjem.

Håper at dette vert tatt omsyn til og at vegen kan verte lagt i rør-tunnel/miljøtunnel forbi huset, slik at det vil dempe den verste trafikkstøyen og forureininga, samtidig som det kan verte ein trygg plass for hjorten og oss andre som er nøydd til å krysse vegen, jfr. punkt 1 på vedlagte kart. Det må i alle tilfelle lagast til slik at vi kan krysse vegen med traktor på ein sikker måte. Gjer merksam på at her kan vere opptil 2 – 2,5 meter snø enkelte vintrar noko som vil gjere det umogeleg å gjere seg nytte av ein undergang, opningane til ein eventuell undergang vil vere dekket til med snø, bl.a. frå brøyting av fv. 60, frå november til minst utgangen av mars.


I tillegg så ynskjer eg fleire avkøyrslar slik at eg når tak i heile eiegdommen. Det bør i alle fall vere avkøyrsla ved punkt 2 og 3 i vedlagte kart. Avkøyrsla i punkt 3 kan kanskje leggest i grensa mellom min eigedom og naboeiegdommen gnr. 194, bnr. 4.

Ved punkt 4 er det ein gamal køyreveg som går ned langs jøl-kanten frå noverande fv. 60 til omtrent der kraftlinja er, før vegen går ned i jølet og kryssar den vesle elva, og so vidare ned til Horndøla. Der er det frå gamal tid slåttemark. Høyet vart frakta opp på kanten av jølet og så lagra i ei «jøl-lade» som var plassert der. Når vinteren kom vart høyet frakta heim på slede. Denne vegen må oppretthaldast fordi det er einaste mogelegheita til å køyre ned til Horndøla.

Hornindal, 30. mars 2002



Håkon Räftevold
-eigar gnr. 195 bnr. 3-



Senterposisjon: 63868.3, 6902662.82
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 17.03.2022



Møre og Romsdal fylkeskommune

v/Samferdsleavdelinga

Postboks 2500

6404 Molde

Hornindal, 29.03.2022

Uttale plan FV60 Tomasgard- Røyarhus Bru

Under følgjer innspel/merknader frå grunneigar på 203/07 og 203/10.

Som grunneigarar er vi særst uroa for den tidlegare skisserte kryssløysinga og vegføringa forbi eigedomen vår på Tomasgard. Planen som blei framsett i 2012 vil gje svært negativ innverknad for både noverande og framtidige bebuarar på bruket, i tillegg til gardsdrifta. I planen frå 2012 var mellom anna ei heving av vegen forbi garden presentert, tross at vi undervegs i prosessen kom med innspel på alternative løysingar på krysset. Denne tidlegare skisserte kryssløysinga og vegføringa er ei løysing vi på ingen måte kan godta.

Vi ynskjer minst mogeleg inngripen i eigedomen vår, og at vi får behalde mest mogleg av beitearealet vårt. Beitet nedanfor og innanfor fjøsen er i dag mykje brukt og vil bli viktigare i framtidig drift. Det er viktig at vi saman ser på potensialet for eventuell utviding/endring og bruk av nærliggjande areal som beiteområde. Dersom vegen kjem midt i beitet vil vi ikkje lenger kunne nytte delen nedanfor vegen og det er derfor ønskeleg at vegen ligg så langt ned mot elva som mogeleg.

Støy og miljø

Bustadhusa og driftsbygningane på bruket er av dei som vert liggande nærmast den nye veglinja, og ved ei slik løysing som blei skissert vil støynivå og forureininga auke. Vi bur lågt i terrenget med utsikt stort sett mot område i nord og elva. Tunets samlingsplass er mot nord. Dette har vore greitt fordi vegen ligg nokre meter lågare og såleis ikkje til sjenanse for utsikt. På baksida av husa er der ein bakke, og difor ikkje utsikt. Ein veg forbi eigedomen vår etter den skisserte løysinga vil føre til tilnærma null utsikt, og også hindre utsikt mot elva. Vi ser ei løysing med støyskjerming/støyveggar som ei uholdbar løysing.

Det er tidlegare gjennomført kartlegging av begge bustadhusa på eigedommen med tanke på støy frå veg både utandørs og innandørs. Auka trafikkmengde og vegføring vil gi generelt gje auka støy på eigedommen, og vi ynskjer difor ny kartlegging av dette.

Tap av verdi og livskvalitet

Ei høg vegbane og skissert kryssløysing vil redusere verdien av eigedommen betydeleg. Livskvaliteten vil også bli sterkt redusert, og dette vil føre til at det blir vanskeleg å få komande generasjonar til å busette seg her.

Framtidige konsekvensar for drift av garden

Ein er i prosess med generasjonsskifte på garden, med driftsplan og plan for ombygging for å tilfredsstillere nye krav i storfehold.

Storfe som står i båsfjøs etter 01.01.2024 skal minimum ha 16 veker med fri bevegelse i løpet av sommarhalvåret. Beitet vårt er og vil bli heilt avgjerande for at vi kan etterkomme dette kravet, og allereie i dagens drift er beitet svært mykje brukt. Beitet vil i praksis bli sterkt redusert, og dette vil ha store konsekvensar for drifta av garden.

Veglinja vil hindre viktig tilkomst mellom bruket og elva, og dette område må sikrast tilkomst. Det er mellom anna vasspumpe med traktordrift ved kvernhuset som ein må ha tilgang til. Vi må også ha tilgang til kvernhus og badeplass ved elva.

Mellom veglina og "Råsa" i beitet kan det fyllast opp med masse. Ein føreset at røyr/avløp og andre leidningar vert teke omsyn til.

Det er oppstillingsplass for egne- og fellesredskap mellom elva og vegen. Denne får ein ikkje tilkomst til lenger, og ein må i fellesskap opparbeide ny plass. I tillegg er det viktig at det ikkje blir store omkjøringar for å komme på motsett side av elva i forhold til leigejord, henting av fôr, køyring av gjødsel, og samarbeid om redskap.

Veglinja som tidlegare er planlagt er så nær driftsbygninga vår at utkøyring av gjødsel ikkje vil la seg gjennomføre. Vi har berre eitt alternativ til utviding av driftsbygning i forhold til krav om lausdrift som skal gjennomførast seinast i 2034, og det er i retning aust. Vi føreset at ein får løyve til det sjølv om avstand til ny veglinje blir mindre enn krava.

Bruket har i lengre tid hatt direktesal av grønsaker knytt til vegen. Ein har eit ynskje om å utvikle dette vidare, og at det skal vere mogelegheit til å drive med dette også i framtida.

Vårt forslag til kryssløysing og vegføring

Veglinje i same høgd som no, trafikk frå "Storebrua" kjem inn på nye vegen i plan. Gangveg frå brua langsmed nye vegen, og gangfelt (event. med lysregulering) ved nytt kryss til fv 726. Dette kan gjennomførast ved å klassifisere ned vegen på strekninga, med fartsgrense 60km/t. Denne løysinga tek òg omsyn til av- og påstiging til buss. Alternativet i planen fører til kryssing av vegbane i 80 sone utan gangfelt.

Bebuarane på bruket har ingen forståing for at ein skal velje ei så dårleg løysing som tidlegare var skissert for å kunne halde ei fartsgrense på 80km/t.

Viser elles til uttale frå Tomasgard Grunneigarlag som tek føre seg fellesinteresser i og ved utmark. Plan Sagelva Vassbruksområde inneheld elles detaljar ang. kulturminne heilt frå kvernhuset vårt til innmark på br.4.

Vi håpar på positiv dialog for å finne gode løysingar saman.

Som de ser tek uttalen vår utgangspunkt i både tidlegare plan frå 2012, og varsel om oppstart av reguleringsplan for fv. 60 som blei gjennomført no i mars.

Med vennleg helsing

Bebuarane på 203/07 og 203/10

Lars Andreas Tomasgård og Brit Lødemel Tomasgård

Linda Kristin Tomasgård og Tom-Øyvind Solheim

30.03.2022

Til Møre og Romsdal fylkeskommune

Samferdselavdeling

Julsundvegen 9

6412 Molde

Frå Pål Ruben Tomasgard

Tomasgardvegen 102

6763 Hornindal

Innspel til oppstart av planarbeid fv. 60 Tomasgard-Røyhus Bru

Eg som grunneigar og gardbrukar på gard 203/4 har innspel til trasee for fv.60 Tomasgard-Sætren, som er skissert over dyrka mark til gard 203/4. Traseen som no ligg til grunn, følg elvalandet inn til vestlig grense og kryssar då skrått over dyrkingsfeltet mitt og gjennom eit område(8,7daa) som ikkje er dyrka opp.

Eg kunne ynskt at traseen vart flytt lenger nord, til stykket med dyrka mark(6,5 daa) ved kommunalt/industri-område og kraftstasjon(sjå vedlegg). Dette er eit knotete og skrint dyrkningsfelt med mykje trange hjørne. Eg har då moglegheit til å få dyrka all mark til i ein stor teig, det er det både økonomisk og miljømessige fordelar med.

I tillegg oppnår ein då for at gardsdrifta slepp å krysse ny trasee for å kome til nevnte teig, eller i verste fall må køyre lange omvegar for å komme til.


Sist og ikkje minst vil alle på garden ha vegen lengst mogleg i frå gardstunet pga støy og forstyrrelsar, og tiltak for støydemping.

All tapt dyrkamark skal erstattast i ny dyrkamark, då ein driv gard og er avhening av all tilgjengelig dyrkamark.

Gardsbruket må og ha tilgong til Sagelva Vassbruksområde.

Eg er positiv til ein god dialog og håpar vi kan kome til ei god løysning i lag.

Pål Ruben Tomasgard



25.2

S 4.0

S 7.4

S 8.5

7.1

2.5

4.4

S

2.7

2.5

Rolf Taraldset
Seljesetvegen 101
6763 HORNINDAL

E-post: rolf@taraldset.org
Telefon: 908 61 443

Møre og Romsdal fylkeskommune
Julsundvegen 9
6412 MOLDE

Hornindal, 29. mars 2022

Merknad til oppstart av planarbeid for fv.60 Tomasgard - Røyarhus bru

Underteikna er eigar og drivar av gnr. 201 bnr. 6 på Taraldset i Hornindal og kjem her med følgjande merknadar for dei tilhøva som angår kryssing av eigedomen i høve planarbeid for ny fv. 60 Tomasgard – Røyarhus bru. Skogseigedomen inngår som eit ledd i virke som profesjonell treskjerarmeister.

1. Plassering av veglinja

Slik veglinja no er lagd til å krysse eigedomen ser ein dette som eit godt framlegg. Dette m.a. med omsyn til å skåne området kring Anders Nygardsplassen som har høg kultur- og privateigedomsverdi. Etter det ein kan sjå er veglinja lagd til eit tørrare område fel naturleg i terrenget.

2. Avkøyrsløse mot nord

For å sikre tilkomst elv og eigedom nord for den nye vegtraseen ber ein om at det vert lagt opp til avkøyrsløse mot nord for tilkopling av landbruksveg. Sjå bokstav N i figur 1 for ynskt plassering av denne avkøyrsløsa.

3. Avkøyrsløse mot sør


For å få lett tilkomst til området rundt Anders Nygardsplassen ber ein om at det vert lagt opp til avkøyrsløse mot sør for tilkopling av landbruksveg.

Med ei veglinje langs dagens trasé vart det i si tid signalisert av planleggarane av kommunedelplanen at vegen naturleg ville utløyse ein lettare tilgang til nemnde område. Desse vurderingane vonar ein står ved lag.

Vidare vil ei avkøyrsløse mot sør og eventuell samankopling med eksisterande landbruksveg på eigedomen fungere i samanheng med avkøyrsløse mot nord, nemnt i punkt 2, når det gjeld uttak av skog osv., slik at ein slepp å køyre dette langs fylkesvegen over lengre strekningar.

Tentativt i planarbeidet ynskjer ein å legge avkjørsla mot sør i den vestre del av underteikna sin eigedom, sjå S1 i figur 1.

Vidare vil ein signalisere at ein heller ynskjer avkjørsla plassert mot aust på underteikna sin eigedom, sjå S2 i figur 1. Dette i eit eventuelt samarbeid med naboar og under den føresetnad at fylkeskommunen ser seg tent med å gjere ei opparbeiding av landbruksveg i retning sørover frå S2 på underteikna sin eigedom i byte mot fri grunn for fylkesveg 60 på eigedomen. Ein ser at dette ikkje nødvendigvis er ein del av prosessen som no går, men ynskjer å gjere planleggarane merksame på problemstillinga i von om at det no kan vere råd å sjå løysingar; til dømes å regulere inn begge avkjørslene (S1 og S2) eller opne for flytting av S1 til S2 seinare i prosessen.



Figur 1, skisse på avkjørslar mot nord og sør, gnr. 201, bnr. 6.

Avslutningsvis stiller underteikna seg disponibel for dei spørsmål som måtte vere, og ynskjer ein konstruktiv dialog i det vidare arbeidet. Ein forstår det slik at det i den vidare prosessen vil bli lagt opp til individuelle møter med grunneigarane, og underteikna ynskjer å takke ja til dette.

Med helsing,

Rolf Taraldset

Hornindal, 31.mars 2022

Til

Møre og Romsdal fylkeskommune

Innspel ny fylkesveg 60 i Hornindal

Eigedomen vår, er truleg ikkje direkte berørt av bygging av ny fylkesveg 60, men vi ser av kartet at det er teikna inn linjer til andre sida av elva og vår eigedom på Gausemel (gnr 182/7). Etter det vi fekk opplyst på møtet i Hornindal 16. mars så er det ikkje aktuelt å legge vegen på denne sida av elva. Vi reknar med denne opplysninga er korrekt. Fylkesveg 60 frå Kvivsvegen til Tomasgard blei då også oppgradert til god standard i samband med bygging av Kvivsvegen, så vi går ut frå at det er vegen vidare austover som skal bli ny. Om noko anna skulle vise seg å bli aktuelt, så vil vi måtte kome med innspel på dette seinare.

Vi driv Knausen hyttegrend med fem utleiehytter, gjestehus og selskapslokalet Låven. Når fylkesveg 60 blir lagt om, er det viktig for oss at vi får skilt som viser vegen til verksemda vår. Like viktig er det med god tilkomst/avkøyring frå fylkesveg 60.

Dette gjeld sjølvsagt ikkje berre for vår verksemd, men for all aktivitet som er i denne grenda. Vi kan nemne fleire aktive gardsbruk, Hornindal skisenter og friluftsområdet i Grendadalen, bedrifter, ridesenter og barnehage. God og effektiv påkopling til fv 60 er viktig for dei mange som bur i området og for hyttefolk blant anna i Harevadet hyttegrend. Det er viktig med lett tilkomst til fv 60, slik at ein slepp lange omvegar, blant anna for å kome seg til og frå jobb i ulike retningar.

Vi har forstått det slik at det er ei utfordring å få til krysset på Tomasgard, men blir det like store utfordringar om ein set ned farten?

Det bør uansett ikkje vere 80-sone forbi her, ikkje minst med tanke på støyforhold og busetnad i området.

Helsing

Solveig Heltne Tomasgard og Atle Tomasgard

Eigarar av 182/7 i Hornindal

From: Haugen Maskin, Ronny Haugen[ronny@haugenmaskin.no]

Sent: 18.03.2022 14:54:16

To: Dokpost[post@mrfylke.no]

Cc: Kristin Fostervold[kristin.fostervold@mrfylke.no]

Subject: VS: Skanning

Sjå vedlegg, innspel til planlegging fv60 Tomasgard-Røyrhus Bru

Forslaget vil løyse utfordring med bru på Tomasgard, grendavegen vil få ein etterlengta opprusting og forsterking, det vil føre til samanhengande GS veg frå Grodås til Gausemel via grendavegen.

Gamle brua på Tomasgard vil kunne bevarast som kulturminne, og nyttast som GS bru.

Mvh Ronny Haugen



PLANKRITT KRYSS

RUSTE OPP ELS VEG
+ G5 VEG

G5 BRU

G5 KULVERT UNDER NY FV 60
(UNDERGANG)

NY FV 60

Hei

Vedr.fv60

Kommunedelplanen var vedtatt i 2012 og bør opp til ny handsaming, det er mykje som forandra seg på denne tida,har tidligere sendt inn sterke merknader til denne prosessen, alt 2 vert ikkje akseptert i det heile, om vegen skal jeg gå på sydsida av dalen er det alt 3 som kan akseptert, et eventuelt kryss må løysast SELJESSET på desse alternativ vert det OGSÅ forlanga gjerdehald på heile strekninga på begge sider av vegen ca 16 km oppsett og vedlikehold av VEGEIGAR då dette går igjennom heile kultur og utmarksbeite område

Bruker på gard nr 201/4 har drifta 201/1 og 5 i 10 år har no kjøpt desse bruka for å best mulig driftsgrunnlag etter å sett opp ny lausdriftsbygging i 2017 for ca 50 kyr i mjølkeproduksjon

Legg ved eit alt som kan knytte seg til alt 3c markert i BLÅTT ved Tomasgård dette går frå Raftevold på nordsida Horndøla langsmed høspentlinja ved Kroken kan en både krysse Horndøla eller gå innpå eksisterande fv 60 dette har sine grunner

I frå Kroken til Raftevold er det i dag 1 mjølkeproduksjon ellers er mestedelen av bruka i dag Leigejord og i dette alt her slepp ein også gjerdehald i det hele

Håper dette vert med i den vidare prosessen
Er alltid tilgjengelig for spørsmål og diskusjon

Med Helsing å
Lars Magne Taraldset
Epost
lars-ma@online.no


TEGNE OG MÅLE

PUNKT

LINJE

FLATE

TEKST



Kartverket
Hornindal

Aksla
Lønnssetra
Olaskora
Sætrehornet
852

1000 m

A menu for selecting different map styles, including a 3D terrain view, a standard topographic view, and a satellite view.



← Hornindal, 6763 Hornindal




60

60

Horndøla



← Hornindal, 6763 Hornindal



Sfe

Lars Andreas Tomasgård 📍

